

Kristine Ranes

"Det er berre tungt å vere tung"

Unge vaksne sine erfaringar rundt psykisk helse
og fedme

Masteroppgåve i psykisk helsearbeid

Rettleiar: Ingrid Sørdal Følling

Medrettleiar: Elisabeth Valmyr Bania

Mai 2022



Kristine Ranes

"Det er berre tungt å vere tung"

Unge vaksne sine erfaringar rundt psykisk helse og fedme

Masteroppgåve i psykisk helsearbeid

Rettleiar: Ingrid Sørdal Følling

Medrettleiar: Elisabeth Valmyr Bania

Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Fakultet for medisin og helsevitenskap

Institutt for psykisk helse



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

SAMANDRAG

Bakgrunn: Psykiske lidingar og fedme er blant dei største folkehelseutfordringane vi står overfor i dag. Spesielt unge vaksne opplever psykiske lidingar og fedme. Det er behov for meir kunnskap og innsikt i desse komplekse helsetilstandane som påverkar unge vaksne sine liv på mange måtar, og for å tilby hensiktsmessige helsetenester og støtte.

Hensikt og problemstilling: Målet med studien er å få meir innsikt og kunnskap om korleis unge vaksne opplever komplekse helsetilstandar som psykisk helse og fedme. Problemstillinga til denne studien er: «*Kva for erfaringar har unge vaksne med fedme relatert til psykisk helse og sin fedmesjukdom?*»

Metode: Dette er ein kvalitativ studie som baserer seg på fem individuelle semi-strukturerte dybdeintervju. Unge vaksne i alderen 19-32 år deltok i studien. Datamaterialet vart analysert gjennom systematisk tekstkondensering. Studien baserar seg på ei fenomenologisk hermeneutisk tilnærming der informanten sine subjektive erfaringar er i fokus.

Resultat: Dei fem hovedtemaene er følgande:

- 1) Tankar kring eigen kropp: Informantane beskriv korleis fedme kan forårsake både fysiske og psykiske helseutfordringar, og korleis dei opplever press i samband med kropp og utsjånad. Dei viser til arv og miljø i forbindelse med fedme, og korleis dei opplever vektrelaterte helsetiltak.
- 2) Psykisk helsetilstand: Informantane reflekterer over arv og miljø knytt til psykisk helse. Vidare beskriv dei korleis ulike faktorar kan ha effekt på deira psykiske helse, som stress, sjølvbilde og sjølvtillit, og kva for tankar dei har kring psykiske helseproblem i samband med fedme.
- 3) Sosialt og deltaking: Informantane fortel kva dei liker å gjere i fritida si, og vidare beskriv dei opplevinga av sosiale hindringar, stigma og fordommar i samfunnet som følge av fedmen.
- 4) Mobbing og belastningar i barndommen: Refleksjonar kring barndomsopplevelingar som mobbing og sosial ekskludering, og tankar kring familiemiljøet i samband med fedme og psykiske helseutfordringar i dag.
- 5) Søvn og matvanar: Informantane beskriv deira matvanar og utfordringar knytt til søvn og døgnrytme, og korleis dette påverkar fedmen og den psykiske helsa.

Oppsummering: Informantane i studien beskriv at psykisk helse og fedme påverkar kvarandre i stor grad. Dei unge vaksne formidlar ein kompleksitet i deira tilværelse med biologiske, psykologiske og sosiale utfordringar, noko som viser nødvendigheita av ei heilskapleg tilnærming frå helsevesenet.

ABSTRACT

Background: Mental health problems and obesity are some of the greatest public health challenges in today's society. Particularly young adults are experiencing mental health problems and obesity. There is a need for more knowledge and insight within these complex health conditions which affect young people's lives in many ways, and to be able to offer appropriate health services and support.

Aim and research question: The aim of this study is to generate more knowledge about young adults and their experiences of complex health conditions concerning mental health and obesity. The research question for this study is: "*What kind of experiences do young adults with obesity have related to mental health and their obesity disease?*"

Method: This is a qualitative study based on five individual semi-structured research interviews. Young adults aged 19-32 years participated in the study. The data material was analyzed by using a systematic text condensation. The study is based on a phenomenological hermeneutic approach, where the subjective experiences of the participants are in focus.

Results: The five main themes were as follows:

- 1) Thoughts about one's body: The participants describe how obesity can cause physical and mental health problems, and how they experience pressure about their bodies and looks. They referred to heritage and environment in connection with obesity, and experiences with measures regarding weight.
- 2) Mental health condition: The participants reflect about heritage and environment in relation to their mental health status. Furthermore, they explain what affects their mental health status, such as stress, self-image and self-esteem, and the thoughts they have about mental health problems in relation to obesity.
- 3) Social life and participation: Describing what they prefer to do in their spare time, and how they experience social barriers, stigmatization, and prejudice because of obesity in the society.
- 4) Bullying and burdens in childhood: Reflections about childhood experiences such as bullying and social exclusion, and thoughts about family environment in relation to obesity and mental health problems today.
- 5) Sleep and eating habits: The participants describe their eating habits and challenges in relation to sleep and circadian rhythm, and how it affects obesity and mental health.

Summary: The participants in this study describe that mental health and obesity affect each other to a great extent. Young adults convey complexity in their struggles such as biological, phycological and social challenges, which indicates the need of a holistic approach from the health care system.

FORORD

Som fysioterapeut sit eg med opplevinga av at fysioterapiutdanninga og det kliniske arbeidet i stor grad dreier seg om somatiske helseplager, og vier mindre merksemd til psykologiske aspekt ved ulike sjukdomsbilde. Etter nokon år som fysioterapeut i praksis fekk eg lyst til å sjå nærmare på psykologiske faktorar i samspele med det biomedisinske. Det å gjennomføre eit masterstudie i psykisk helse har vore svært givande og lærerikt i den samanheng. Denne oppgåva handlar om psykisk helse relatert til fedme, og fordjupinga i denne tematikken har gitt meg mykje ny kunnskap og forståing for samspelet mellom fysisk og psykisk helse.

Mange fortener ein takk i arbeidet med denne masteroppgåva. Først og fremst vil eg takke dei som stilte opp til intervju og opna seg opp om sine personlege tankar, refleksjonar og opplevingar. Utan dei hadde ikkje oppgåva blitt like interessant og spennande å jobbe med. Eg sit igjen med stor respekt for dei som lever med utfordringar knytt til psykisk helse og fedme.

Takk til rettleiar Ingrid Sørdal Følling og medrettleiar Elisabeth Valmyr Bania for konstruktive tilbakemeldingar og tips undervegs. Det har vore verdifull drahjelp i situasjonar der eg stod fast. Eg vil også takke dei ansatte på behandlingsklinikken for engasementet i rekrutteringsarbeidet og for å stille lokalet disponibelt til gjennomføring av intervju.

Takk til arbeidsplassen min i Melhus kommune, med leiar Heidi Dahlen Moen, for fleksibilitet på jobb slik at eg kunne utføre arbeidet med masteren og tilpasse jobben min deretter. Eg set også pris på interesse og spørsmål frå kollegaene mine undervegs i arbeidet, der eg har fått glede av å engasjere meg i vidareformidling av kunnskap frå studien.

Vidare vil eg takke min tålmodige sambuar Ole Magnus Losen, som har trekt seg ut av huset på dagtid og kveldstid for å bidra til skrivero for studenten. Hans oppmuntringar, interesse for arbeidet og tru på gjennomføringsevna mi har betydd mykje. Og sist, men ikkje minst, takk til venner og familie for gode råd til strukturering av masterforløpet, innspel på språket og gjennomlesing.

No ved slutten av masterprosessen er eg glad og letta over å ha fullført arbeidet. Eg vil ta med meg all kunnskapen vidare i mitt kliniske virke som fysioterapeut. Sett i retrospekt er eg glad eg prioriterte mi eiga psykiske og fysiske helse i masterprosessen - med denne tematikken friskt i minne heile vegen - og tok meg tida til trim, matpausar, telefonavbrekk med bessmor og andre positive innslag for ikkje å drukne i oppgåveskriving, og risikere å møte den berykta veggen.

PS: Eg har valt å bruke noko samnorsk i oppgåva, som blant anna velkjente ord som *overspising* og *spisevanar*, da eg synes språket flyt betre med desse kjente begrepa.

Kristine Ranes
Kvål, 8. mai 2022

Innhald

1. INTRODUKSJON	1
1.1 BEGREPSAVKLARINGAR	1
1.2 PSYKISK HELSE OG FEDME I EIT SAMFUNNSPERSPEKTIV.....	2
1.3 BAKGRUNN FOR VAL AV PROBLEMSTILLING	5
1.4 HENSIKT OG PROBLEMSTILLING.....	5
1.5 TEORETISK PERSPEKTIV: DEN BIOPSYKOSOSIALE MODELLEN	5
2. KUNNSKAPSGRUNNLIG OG TIDLEGARE FORSKING.....	7
2.1 FAKTORAR SOM MEDVERKAR TIL PSYKISKE LIDINGAR OG FØLGANDE KONSEKVENSAR.....	7
2.2 SOSIALE MEDIA OG SØNVANSKAR I SAMBAND MED PSYKISK HELSE	8
2.3 RISIKOFATORAR OG KONSEKVENSAR AV FEDME	9
2.4 STIGMA OG FORDOMMAR MOT MENNESKE SOM HAR FEDME.....	10
2.5 FEDME SOM EIT KVARDAGSLEG PROBLEM OG EIN LIVSLANG KAMP	10
3. METODE	12
3.1 KORT OM VITENSKAPSTEORI.....	12
<i>Fenomenologi</i>	12
3.2 KVALITATIVE METODAR.....	13
<i>Semistrukturerte intervju</i>	14
3.3 UTVAL OG REKRUTTERING	14
<i>Inklusjon- og eksklusjonskriterier</i>	14
<i>Informasjon om utvalet</i>	14
<i>Rekruttering</i>	15
3.4 DATAINNSAMLING	15
<i>Intervjuprosessen</i>	15
<i>Transkribering</i>	16
<i>Forskingsetiske vurderingar</i>	16
3.5 ANALYSE.....	17
<i>Trinn 1: Helhetsintrykk og foreløpige tema</i>	17
<i>Trinn 2: Meiningsberande enheter og koding</i>	17
<i>Trinn 3: Kodegrupper</i>	18
<i>Trinn 4: Samanfatning og utvikling av hovudtema</i>	18
3.6 ROLLA SOM FORSKAR	18
3.7 METODEDISKUSJON	19
3.8 STYRKER OG SVAKHEITER MED STUDIEN	19
3.9 LITTERATURSØK.....	20
4. RESULTAT	21
4.1 TANKAR KRING EIGEN KROPP	21
<i>Fysiske helseplager som følgje av fedme</i>	21
<i>Kroppspress, kompleks og vanskar med utsjånaden</i>	22
<i>Arv og miljø i samband med fedme</i>	23
<i>Tiltak kring vekt</i>	23
4.2 PSYKISK HELSETILSTAND	25
<i>Arv og miljø i samband med psykisk helse</i>	25
<i>Stress, sjølvstilling og sosiale media</i>	25
<i>Faktorar som påverkar den psykiske helsa</i>	26
<i>Psykisk helse og fedme i samanheng</i>	27
<i>Hjelp til psykiske helseplager</i>	28
4.3 SOSIALT OG DELTAKING.....	28
<i>Fritid og interesser</i>	28
<i>Sosiale hindringar grunna fedmen</i>	29
<i>Stigmatisering og fordommar kring fedme</i>	30
4.4 MOBBING OG BELASTNINGAR I BARNDOMMEN	30

<i>Mobbing og sosial ekskludering</i>	30
<i>Familiære belastninger i oppveksten</i>	31
4.5 SØVN OG MATVANAR	32
<i>Kosthald og trøstespising</i>	32
<i>Utfordringar med søvn og døgnrytme</i>	32
5. DISKUSJON	34
5.1 DET ER BERRE SLITSAMT Å VERE STOR OG TUNG	34
5.2 MENTALT SLÅTT NED.....	36
5.3 SPIRALEN UTE AV KONTROLL	38
6. OPPSUMMERING OG VIDARE IMPLIKASJONAR	42
LITTERATURLISTE	43
VEDLEGG	49

*«Ja, eg har litt ekstra kilo ...
Men eg har enda fleire ekstra kilo på personlegheit.»*
(Informant)

1. Introduksjon

Målet med denne studien er å belyse kva for erfaringar unge vaksne i aldersspennet 18 til 32 år har rundt psykisk helse og fedme. Studien kan vere eit bidrag til betre innsikt og forståing rundt tilværelsen til unge vaksne med fedme, og kan forhåpentlegvis vere eit tilskudd i utforminga av hensiktsmessige tilnærmingar for denne pasientgruppa. Stadig fleire unge slit med fedme og psykiske lidingar (Folkehelseinstituttet, 2018a; Røgeberg, 2019), noko som gjer det interessant å utforske fenomena på eit djupare nivå i denne studien, med ei kvalitativ tilnærming (Malterud, 2017). I mitt virke som fysioterapeut er både psykisk helse og fedme tematikk som stadig går igjen og som kan vere utfordrande å finne løysingar på. Det er av stor interesse å få høre erfaringane til dei som kjenner kor skoen trykker.

1.1 Begrepsavklaringar

Psykisk helse er eit overordna begrep som rommar alt frå god psykisk helse og livskvalitet til psykiske lidingar (Folkehelseinstituttet, 2018b). God psykisk helse kan beskrivast som ein tilstand der mennesket kan realisere eigne evner, takle normale påkjenningar som følger med livet, arbeide produktivt og vere i stand til å gi eit bidrag til fellesskapet (WHO, 2018). *Livskvalitet* er ein opplevd følelse av å ha ei god helse og eit godt liv, samt tilfredsstillande materielle levekår, fellesskapsfølelse, arbeid og fritid (Nes, 2019; Meyer & Vollrath, 2017).

Psykiske vanskar (plager) beskrivast som lettare former for psykiske utfordringar som ikkje har diagnosekriteriene oppfylt og ikkje karakteriserast som sjukdom (Røgeberg, 2019; Krokstad & Knudtsen, 2011). *Psykiske lidingar* omfattar ei rekke ulike tilstandar som påverkar og forstyrrar tankar, førelsar, åtferd og/eller sosialt funksjonsnivå i ulik alvorlegheitsgrad, og reknast som ein sjukdom (Tesli et al., 2021; Folkehelseinstituttet, 2018b). Alle som har psykiske lidingar vil med andre ord også ha psykiske vanskar, men ikkje alle med psykiske vanskar har, eller vil få, psykiske lidingar (Røgeberg, 2019). I min studie blir begrepa psykiske vanskar og lidingar brukt litt om ein anna av informantane, da dei går litt over i kvarandre, og alle informantane rapporterer om både påviste psykiske lidingar og lettare former for psykiske vanskar.

Dei tre begrepa sjølvtillit, sjølvfølelse og sjølvbilde kan i følge Dyregrov (2019) beskrivast på følgande vis: *Sjølvtillit* er å ha trua på eigne prestasjonar og evne til å meistre oppgåver på ulike arenaer, eksempelvis på arbeid og i sosiale lag. *Sjølvfølelse* er å akseptere seg sjølv og kjenne sin grunnleggande verdi, til tross for därlege prestasjonar. *Sjølvbilde* omhandlar det mentale bildet vi har av oss sjølv og korleis vi trur andre oppfattar oss (Dyregrov, 2019). To andre førelsar som omtalast i denne studien er skyld og skam. Rygh (2017) beskriv at *skam* oppstår dersom mennesket bryt med samfunnet sine eller eigne forventningar og ideal. Skam medfører ein følelse av å bli avslørt og sett for den ein «verkeleg er». Vidare beskriv Rygh (2017) at *skyld* er ein følelse av å bryte med seg sjølv.

Fedme er ein kompleks, kronisk sjukdom der unormalt eller overflødig kroppsfeitt svekker helsa og livskvaliteten (WHO, 2021). *BMI* (*Body Mass Index*), eller KMI (kroppsmasseindeks), blir ofte nytta som eit mål innan fedmeindustrien, gjerne saman med midjemål (Grønning et al., 2013; WHO, 2022). I denne studien har eg valt å benytte forkortinga «*BMI*», da dette er meir kjent i daglegtalen enn «*KMI*». *BMI* fungerer best som eit mål på populasjonsnivå og ikkje individnivå, da det kan vere misvisande i enkelte tilfelle (WHO, 2021; Meyer & Vollrath, 2017). Høg *BMI* treng ikkje bety dårleg helse, og muskulære eller låge personar kan bli definert som overvektige på *BMI*-skalaen sjølv om dei har normal mengde feitt på kroppen (Grønning et al., 2013; Meyer & Vollrath, 2017). *BMI* definerast som vekt i kilogram delt på høgda i meter opphøgd i andre (kg/m^2) (WHO, 2021). Forhøga *BMI* er ein risikoindikator for enkelte sjukdommar, og for vaksne over 20 år gjeld følgande verdiar for *BMI*-score (WHO, 2022):

- *BMI* under $18,5 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer undervekt.
- *BMI* mellom $18,5 - 24,9 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer normalvekt.
- *BMI* mellom $25 - 29,9 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer overvekt.
- *BMI* mellom $30 - 34,9 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer fedme grad 1.
- *BMI* mellom $35 - 39,9 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer fedme grad 2.
- *BMI* over $40 \text{ kg}/\text{m}^2$ indikerer fedme grad 3.

1.2 Psykisk helse og fedme i eit samfunnsperspektiv

I løpet av eitt år vil éin av fem vaksne (16-22 prosent) oppleve å få ei psykisk liding. Psykiske lidinger er den klart største årsaka til tap av helse blant unge og vaksne i arbeidsfør alder (Folkehelseinstituttet, 2018a). Psykiske lidinger kan ramme i alle aldrar, men førekomensten er størst blant unge vaksne, og lidingane debuterer ofte før fylte 30 år (Tesli et al., 2021; Røgeberg, 2019, Folkehelseinstituttet, 2018a). Dei vanlegaste formane for psykiske lidinger er angst, depresjon og rusmisbruk (Folkehelseinstituttet, 2018b). I Norge vil éin av tre oppleve ei angstliding i løpet av livet, og éin av fire vil oppleve ein depresjon eller ei anna stemningsliding. Truleg er det også store mørketal (Folkehelseinstituttet, 2018a). Psykiske lidinger var hovuddiagnosen hos éin av tre som fekk innvilga uføretrygd i 2014, og personar som blir uføre på grunn av psykiske lidinger er i gjennomsnitt yngre enn dei som får uføretrygd av andre diagnosar. I tillegg aukar psykiske lidinger risikoen for å bli uføretrygda av andre årsaker (Folkehelseinstituttet, 2018a). Blant unge vaksne (25-29 år) har andelen med innvilga uføretrygd meir enn dobla seg dei siste ti åra, hovudsakleg grunna psykiske lidinger (Røgeberg, 2019).

Den psykiske helsa vår blir påverka av ei rekke sosioøkonomiske, biologiske og miljømessige faktorar i eit livsløp (WHO, 2018). God psykisk helse skapast der folk lever liva sine, til dømes på skular, jobb, i familiar, nære relasjonar og lokalmiljø, forklarer Tesli et al. (2021). Grunnlaget for god psykisk helse og livskvalitet blir skapt allereie i barndommen. Ved å gi barn og ungdom trygge lokalmiljø, der dei opplever meistring, inkludering og engasjement, vil dette vere med på å bygge ei vaksen befolkning med ei god psykisk helse. Viss derimot barn opplever utanforskap, einsemd og diskriminering, vil dette vere risikofaktorar for å utvikle psykiske helseutfordringar seinare i livet (Tesli et al., 2021).

Fedmeepidemien er eit av dei største helseproblema vi står ovanfor i dag. På verdensbasis er 650 millionar menneske ramma av fedme, og førekomensten har nesten tredobla seg sidan 1975 (WHO, 2021). Majoriteten av verdas befolkning bur i land der overvekt og fedme tar fleire liv enn det undervekt gjer, opplyser WHO (2021). Tal frå HUNT-studien viste ei sterk auking av fedme og diabetes i den norske befolkninga frå 1980-talet til midten av 2000-talet, der menn har størst auking i BMI og kvinner har størst auking i midjemål (Krokstad et al., 2013). I dag har fleirtalet av den vaksne befolkninga i Norge overvekt eller fedme, og så få som 25 % av menn og 40 % av kvinner er normalvektige (Folkehelseinstituttet, 2018a). Den største vektaukinga skjer i aldersgruppa unge vaksne, og menneske født etter 1970 har betydeleg høgare BMI i ung vaksenalder enn tidlegare. Fedme i ung vaksenalder aukar risikoen for å måtte leve med ein livslang fedmetilstand (Brandkvist et al., 2019; Midthjell et al., 2013). Blant unge i alderen 18-20 år hadde 21 % av kvinner og 28 % av menn overvekt eller fedme i tidsrommet 2012-2013 (Folkehelseinstituttet, 2018a).

Årsakane til fedmeepidemien er samansett. Vi lever i eit fedmefremmande samfunn der mange opplever det som utfordrande å ete sunt og vere fysisk aktive (Folkehelseinstituttet, 2018a). Den grunnleggande årsaka til fedme er ubalansen som oppstår mellom energiinntak og energiforbruk (WHO, 2021). I tillegg er fedme eit resultat av eit komplekst samspel mellom genetiske, epigenetiske, metabolske, åtferdsmessige og miljømessige faktorar, der sistnemnte ser ut til å vere ledande årsak til fedmeveksten dei siste tiåra (Farrell et al., 2021; Rohde et al., 2019). Eksponering for antibiotika som spedbarn, særleg i tidsrommet frå fødsel til 6 månader, kan vere ein årsak til auka BMI og fedme seinare i livet (Trasande et al., 2013). I tillegg kan tarmmikrobiota hos spedbarn vere ein indikator på fedmerisiko og forhøga BMI i vaksen alder (Korpela et al., 2017).

Fedme medfører auka risiko for sjukdommar som diabetes type 2, kardiovaskulære sjukdommar, galleblæresjukdom, feittlever, fleire former for kreft og søvnnapné (Abdullah et al., 2010; Poirier et al., 2006; Aune et al., 2015; Longo et al., 2019; Wolin et al., 2010; Meyer & Vollrath, 2017). Mange typar muskel- og skjelettsjukdommar, til dømes artrose i hofte og kne, heng tett saman med fysisk inaktivitet og fedme (Folkehelseinstituttet, 2018a; Meyer & Vollrath, 2017). Fedme aukar også risikoen for langsiktige medisinske komplikasjonar, reduserer livslengda og skapar store helsekostnadar (Wharton et al., 2020; Bjørnelv et al., 2021). BMI er ein indikator på dødelegheit i befolkninga, og forhøga BMI-verdi reduserer livslengda på grunn av ei rekke følgesjukdommar, oppgir Buxton & Snethen (2013).

Ein høg BMI aukar risikoen for å ei rekke psykiske helseutfordringar (Emmer et al., 2020; McCrea et al., 2012). Menneske som har fedme har auka risiko for til dømes angstlidingar, depresjon og andre stemningslidingar, panikkklidingar og fobiar, spiseforstyrningar og ADHD (Husky et al., 2018; Avila et al., 2015; Petry et al., 2008). Fedme kan medføre redusert psykisk og emosjonell helse, og mange opplever därleg sjølvfølelse, nedstemtheit, sosial isolasjon, uheldige matvanar, inaktivitet, samt vanskar med å danne og oppretthalde intime relasjonar (Homer et al., 2016; Puhl & Heuer, 2009; Thomas et al., 2008). Unge med overvekt og fedme rapporterer om psykiske lidingar og

suicidale tankar oftare enn normalvektige, og desse utfordringane er hos mange relatert til mobbing og utanforskap (van Vuuren et al., 2019). Mange som har fedme opplever komplekse tankar og følelsar ovanfor eigen kropp, liv og eksistens. Fedmen kan opplevast som eit hinder i å leve det livet ein ønsker seg. Mange ser på situasjonen som midlertidig og føler at livet er «satt på vent» medan kroppen er stor (Haga et al., 2020). På grunn av det komplekse samspelet av fysiske og psykiske faktorar bak ein fedmetilstand, er det nødvendig at førebygging og behandling skjer gjennom heilsakaplege tilnærmingar og intervensionar (Lazarevich et al., 2013).

Psykiske helseutfordringar er ei viktig forklaring i utviklinga av overvekt og fedme, forklarer Meyer & Vollrath (2017). Til dømes vil personar med angst og depresjon vere meir disponerte for å oppleve stress og hjelpefølje i møte med utfordringar. Dette kan medføre endringar i appetitt, mettheit, sjølvkontroll og vilje, og kan disponere for vektauking (Meyer & Vollrath, 2017). Psykiske lidingar kan også vere ein bidragsytar til fedme på grunn av psykofarmaka som skaper vektauking (Lazarevich et al., 2013; Avila et al., 2015). Fedme i samband med psykiske helseutfordringar kan ha noko ulik førekommst blant kvinner og menn. Generelt sett har kvinner med fedme noko sterkare assosiasjonar til psykiske helseutfordringar enn menn, blant anna førekommsten av depresjon (Tronieri et al., 2017; Husky et al., 2018). Tronieri et al. (2017) beskriv vidare at enkelte funn tyder på at traumatiske hendingar i barndommen medfører større risiko for utvikling av fedme hos kvinner enn hos menn. Likevel ser det ikkje ut til å vere forskjell på kjønn i samband med fedme og PTSD (posttraumatisk stressslidning). Overspising og fedme kan påverke den metabolske helsa til menn i større grad enn hos kvinner, kanskje på grunn av at menn i mindre grad involverer seg i helsetilbod og behandling. Bekymringar rundt vekt, størrelse og fasong er vanleg blant begge kjønn, truleg i større grad enn først antatt hos menn, opplyser Tronieri et al. (2017) vidare.

Barn og unge som strever med overvekt og fedme kan ha ein komorbiditet av psykiske helseutfordringar som hindrar dei i å oppnå normalvekt (BeLue et al., 2009). Barn i Norge som bur på landet og barn som har lågt utdanna mødre har høgare gjennomsnittleg BMI og større midjemål enn barn som bur i byar og barn av høgt utdanna mødre (Biehl et al., 2013). Forøvrig ser vektaukinga blant barn ut til å flate ut, og om lag eitt av seks barn har overvekt eller fedme i dag (Meyer & Vollrath, 2017). Dersom unge har passive livsstilar og er fysisk inaktive, kan dei vere disponerte for muskel- og skjelettsmerter, psykiske lidingar, redusert helse og velvære. Opphoping av desse faktorane over tid vil utgjere ein risiko for vektauking og fedme i vaksen alder (Guddal et al., 2020). Dersom fedme vedvarer frå barndommen og utover i vaksenlivet, kan det auke risikoene for somatiske sjukdommar som diabetes type 2 og koronararteriesjukdom etter ung vaksenalder (Richardson et al., 2020).

Avslutningsvis, om psykisk helse og fedme i eit samfunnsperspektiv, må det presiserast at samfunnsperspektivet i denne studien er ein norsk kontekst. Dermed er den norske velferdsstaten utgangspunktet for tilværelsen som informantane beskriv seinare i oppgåva. Kort forklart sørger velferdsstaten for at alle innbyggjarane er sikra grunnleggande godar gjennom det offentlege som helsetenester, utdanning, trygd og pensjon (Hatland et al., 2018). Mange av desse ordningane og tenestene er gratis, med unntak av små eigenandelar. Alle som bur i landet skal ha dei same rettighetene,

uavhengig av eksempelvis høg eller låg inntekt, og på denne måten sørger staten for å ivareta blant anna uføre og arbeidsledige. Velferdsstaten finansierast gjennom skatt og avgifter, oppgir Hatland et al. (2018).

1.3 Bakgrunn for val av problemstilling

Så langt eg kan finne, i arbeidet med litteratursøk og kunnskapsgrunnlag, er det få kvalitative studiar som baserer seg på dei unge vaksne sine erfaringar i samband med psykisk helse og fedme. Ofte er erfaringsbaserte studiar basert på større aldersspenn. I min studie ønsker eg å løfte fram dei unge vaksne, som står på startstreken til å etablere seg i vaksenlivet, for å høyre deira refleksjonar om korleis psykisk helse og fedme påverkar kvarandre og deira tilværelse. Til tross for auka inkludering av pasienterfaringar innan helseforsking, er erfaringane fortsatt underrepresenterte innan fedmeforsking (Farrell et al., 2021; Lowes & Hulatt, 2013). Mykje er sagt om fedme i samband med komorbiditet, sjukdomsrisiko og assosiasjonar til psykiske helseplager, men det finst mindre kunnskap om korleis det er å leve med ein kompleks sjukdom som fedme, og kva fedme gjer med den psykiske helsa til enkeltindividet. Menneska som lever med fedme sit ofte på historiar som forblir skjult, blant anna ved at samtalar mellom pasient og helsepersonell blir lite personlege og ærlege (Johnstone et al., 2020). Innerste tankar, bekymringar og plagar kan bli haldt tett til brystet. Gjennom ei kvalitativ tilnærming i denne studien er målet å legge til rette for at menneska med fedme får opna seg opp i større grad om sine erfaring og opplevingar (Malterud, 2017). Kanskje kan dei skjulte historiane kome fram i lyset og gi meir kunnskap om livet til unge vaksne med fedme. Farrell et al. (2021) underbygger dette og oppmodar til fleire kvalitative studiar av erfaringane til menneska som lever med fedme.

1.4 Hensikt og problemstilling

Hensikta med studien er å undersøke erfaringane unge vaksne med fedme har rundt ulike aspekt ved eigen livssituasjon, med særleg fokus på psykisk helse. Opplever dei at den psykiske helsetilstanden påverkar fedmen, eller motsatt? Målet er å skape meir innsikt og kunnskap om korleis unge vaksne opplever komplekse helsetilstandar som psykisk helse og fedme, samt bidra til hensiktsmessige tilnærmingar og tiltak for pasientgruppa med fedme.


Problemstillinga til studien er følgande:

Kva for erfaringar har unge vaksne med fedme relatert til psykisk helse og sin fedmesjukdom?

1.5 Teoretisk perspektiv: Den biopsykososiale modellen

For å forstå korleis fysiske og psykiske helsetilstandar utviklast og oppretthaldast, er det hensiktsmessig å benytte den biopsykososiale forståingsmodellen. Den biopsykososiale modellen viser korleis eit komplekst samspel mellom biologiske, psykologiske og sosiale faktorar kan påverke helsa og resultere i sjukdom. Modellen vart utvikla i 1977 av George L. Engel som hevda at den allereie eksisterande biomedisinske modellen ikkje tok hensyn til relevante psykologiske og sosiale faktorar som var viktige i vurderinga av den

aktuelle helsetilstanden. Ved å bruke den biopsykososiale modellen vil ein kunne oppnå ei heilskapleg forståing og tilnærming for den enkelte sine fysiske og psykiske helseutfordringar (Engel, 1977). Koukoulithras et al. (2021) gir i tråd med dette eksempel på korleis mangfaldige faktorar kan ha innverknad på ein helsetilstand eller eit smertebilde, og korleis faktorane fordeler seg under den biopsykososiale modellen. Biologiske faktorar er til dømes kjønn, alder, fysisk helse, genetisk disposisjon og effekt av medisinering. Psykologiske faktorar er til dømes åtferd, sjølvfølelse, psykisk helse, stresshandtering, haldningar og førelsar. Sosiale faktorar er eksempelvis nettverk, familiehistorie, sosioøkonomisk status, kulturelle tradisjonar og utdanning.



Figur 1: Illustrasjon av den biopsykososiale modellen, basert på Engel (1977) sin teori.
https://static.wixstatic.com/media/aef226_119ecf94d94d460c94f94c6c2237ac78~mv2.png/v1/fit/w_1000%2Ch_866%2Cal_c%2Cg_80/file.jpg

Modellen tek hensyn til dei biologiske aspekta ved helsa vår, den psykologiske helsetilstanden, og det sosiale miljøet vi omgir oss med. Alle dei tre aspektene påverkar kvarandre og helsetilstanden, og modellen sørger for å inkludere alle aspekt som skjer i kroppen, i hovudet og i livet til den enkelte (Engel, 1977). Den biopsykososiale modellen er spesielt gunstig i situasjoner med udefinerte sjukdomsbilde, og kan bidra til forståing og behandling av komplekse helsetilstandar, som til dømes psykiske lidingar og fedme. Ved bevisstgjering av ulike årsakssamanhangar får pasientane større innsikt i eigen helsetilstand og kan vere med å kontrollere bidragsytarane til eige sjukdomsbilde (Ghaemi, 2009). I samband med til dømes psykiske lidingar kan ein anta ein potensiell komorbiditet av tilstandar og fysiske sjukdommar, noko som underbygger teorien om at den enkelte pasient alltid må forståast gjennom biologiske, psykologiske og sosiale termer (Smith, 2021; Porter, 2020).

2. Kunnskapsgrunnlag og tidlegare forsking

I dette kapittelet vil eg presentere noko av det eksisterande kunnskapsgrunnlaget og tidlegare forsking som er gjort om psykisk helse og fedme. Eg har valt å dele kapittelet inn i psykisk helse og fedme som tema kvar for seg, med jamlege kommentarar om deira påverknad på kvarandre og sett i samband med unge vaksne. Utvalet av forsking som blir presentert her er av relevans for å forstå resultata og funna seinare i oppgåva. Fedme, som er kjernetilstanden og utgangspunktet for datainnsamlinga i denne studien, vil vere i hovudfokus i dette kapittelet.

2.1 Faktorar som medverkar til psykiske lidingar og følgande konsekvensar

Det er noko usikkerheit rundt kvifor psykiske lidingar oppstår, men truleg er det eit samspel mellom miljømessige og arvelege faktorar (Folkehelseinstituttet, 2018a; Røgeberg, 2019). Psykiske lidingar kan ha stor innverknad på fleire område i livet, og kan gå ut over prestasjonar på skule og arbeid, forhold til familie og vener, og evna til å delta i fellesskapet (WHO, 2018). Faktorar som kan medverke til psykiske lidingar er til dømes negative barndomserfaringar, raske sosiale endringar, ein stressande arbeidstilværelse, diskriminering, sosial ekskludering, ein usunn livsstil eller redusert fysisk helse (WHO, 2018; Folkehelseinstituttet, 2018a). Levealderen til menneske med psykiske lidingar er lågare enn hos befolkninga elles, og dette skyldast både medfølgande fysisk sjukdom, ulykker og større førekommst av sjølvomord. Auka førekommst av fysisk sjukdom hos menneske med psykiske lidingar kan ha samanheng med større forbruk av tobakk og rusmiddel, usunt kosthald, overvekt, fedme og fysisk inaktivitet. Dette kan vidare disponere for fysiske sjukdommar som til dømes hjarte- og karsjukdommar, kreft og diabetes (Tesli et al., 2021).

I overgangen frå ungdomsåra til ung vaksenalder opplever mange personlege, sosiale og kulturelle utfordingar, stress og prestasjonspress. Nettopp i ung vaksenalder er førekommsten størst av psykiske lidingar, samt risikoåtferd og rusmisbruk. Årsaka til dette er truleg ein kombinasjon av nevrobiologisk utvikling, identitetsutforskning og sosiale interaksjonar (Grant & Potenza, 2010). Mobbing i oppveksten disponerer også i stor grad for psykiske helseproblem, og gutar ser ut til å vere noko meir sårbare for skadelege effektar av mobbing enn jenter (Källmén & Hallgren, 2021). Psykiske lidingar rammar med andre ord mange allereie frå ung alder og utgjer først og fremst sjukdomsbyrde gjennom ikkje-dødelege helsetap (Folkehelseinstituttet, 2018a). Særleg bekymringsfull er aukinga i andelen unge jenter som rapporterer om psykiske utfordringar og søker helsehjelp for dette (Folkehelseinstituttet, 2018b). Medikamentbruk i samband med psykiske lidingar har hatt ei betrakteleg negativ utvikling blant unge vaksne og tenåringar i tidsrommet frå 2004 til 2017, samanlikna med andre aldersgrupper. Spesielt jenter og unge kvinner har hatt ei auking i medisinbruk mot psykiske lidingar, i hovudsak sovemedisinar, etterfulgt av antidepressiva (Røgeberg, 2019).

Sosioøkonomiske faktorar kan påverke den psykiske helsa vår i positiv eller negativ forstand. Dette kan vere faktorar som inntekt, bolig, utdanning, sysselsetting og sivilstatus (Folkehelseinstituttet, 2018a). Alvorlege psykiske lidingar har hyppigast førekommst hos den delen av befolkninga med låg sosioøkonomisk status. Psykiske lidingar kan gjere det utfordrande å mestre utdanning og arbeidsliv, noko som vil

medføre dårlegare sosioøkonomisk posisjon. Motsatt kan også økonomiske problem og arbeidsrelaterte utfordringar auke risikoien for psykiske lidingar (Tesli et al., 2021). HUNT-studien (Helseundersøkelsen i Trøndelag) beskriv korleis psykososiale faktorar kan gjere noko med korleis mennesket opplever seg sjølv, som å føle seg dominant/underdanig eller overlegen/underlegen, noko som påverkar vår psykiske helse og velvære (Skalická et al., 2009). I tillegg til at sosioøkonomiske faktorar kan medføre psykiske helseutfordringar, kan også vår evne til å ta vare på helsa vår påverkast av desse faktorane, og dermed disponere for vektauking og fedme (Husky et al., 2018; Folkehelseinstituttet, 2018a).

Psykiske helseutfordringar utgjer ein stor andel i samband med sjukefråvær og uføretrygd her til lands, beskriv Røgeberg (2019). Unge vaksne som blir uføretrygda på grunn av psykiske lidingar kan oppleve mange konsekvensar som følge av dette. Livskvaliteten blir påverka av å ikkje vere med i fellesskapet, ein faller utanfor arbeidslivet, og økonomiske konsekvensar kan skape utfordringar for den enkelte. I tillegg til at enkeltmenneske blir ramma personleg av uførheit, vil samtidig samfunnet rammast med tap av arbeidskraft, samfunnet går glipp av verdiskaping frå den enkelte unge arbeidstakrar, samt auka offentlege kostnadar som trygdeutbetalingar (Røgeberg, 2019).

2.2 Sosiale media og søvnvanskars i samband med psykisk helse

Sosiale media kan vere ein medverkande årsak til psykiske helseproblem blant unge i dag (Berryman et al., 2018). Wolfers & Utz (2022) beskriv at sosiale media kan assosierast med auka nivå av stress. *Passiv* bruk av sosiale media, som skrolling gjennom nyhetsstraumar, kan assosierast med depresjon, men her er det er uklart om sosiale media forårsakar depressive symptom, eller om menneske med depressive symptom i større grad bruker sosiale media. Passiv bruk av sosiale media kan imidlertid indikere noko høgare nivå av interessetap, konsentrasjonsproblem, tretthet, einsemd, håpløshet og mindreverdighetsfølelse. Tretthet og einsemd kan også medverke til passiv bruk av sosiale media (Aalbers et al., 2019). Overdriven bruk av sosiale media kan medføre dårleg søvnkvalitet og hyppige søvnforstyrningar, noko som indikerer at bruken av sosiale media kan medføre redusert psykisk helse også indirekte gjennom dårlegare søvn (Alonzo et al., 2021).

Søvn har innverknad på vår helse, og vi er avhengige av god, restituerande søvn for optimal psykisk helse (Alonzo et al., 2021). Redusert søvnkvalitet kan disponere for psykiske lidingar som depresjon, angst og stress (Al-Khani et al., 2019). I ungdomstida er vi avhengige av å få nok søvn, og søvn speler ei viktig rolle i formainga av ungdomshjernen (Tarokh et al., 2016). Unge på veg inn i vaksenlivet møter gjerne endringar og stress knytt til det sosiale livet, busituasjon, biologisk utvikling og økonomisk situasjon, noko som kan gi utslag på søvnmønsteret og søvnkvaliteten hos unge (Friedrich & Schlarb, 2018). Andre faktorar som kan bidra til stress er krav i arbeidslivet og privatlivet som opplevast som belastande og vanskelege å innfri. Kanskje viser krava som unge møter i dag eit misforhold mellom samfunnskrava og befolkninga si evne til å meistre og innfri desse krava (Tveråmo et al., 2003).

2.3 Risikofaktorar og konsekvensar av fedme

Fedme er ein delvis arveleg eigenskap, og enkelte er meir genetisk disponerte for å utvikle fedme enn andre (Brandkvist et al., 2019). Frå 1960-talet til slutten av 2010-talet auka førekomsten av fedme dramatisk for dei som var genetisk disponerte for det, men ikkje i like stor grad blant dei som ikkje var genetisk disponerte, opplyser Brandkvist et al. (2020). Eit fedmefremmande miljø ser ut til å vere den viktigaste bidragsytaren for vektauking både blant genetisk disponerte og dei som ikkje er predisponerte (Brandkvist et al., 2019). I tillegg til arvelege komponentar kan også oppvekstmiljø og familiære relasjonar bidra til vektauking, til dømes gjennom vidareføring av uheldige matvanar (Taube-Schiff et al., 2017). Evna vår til å ta vare på eiga helse kan svekkast eller styrkast gjennom familien og nære relasjonar (Folkehelseinstituttet, 2018a).

Sosioøkonomiske vanskar eller disharmoni i eit familiemiljø kan bidra til utvikling av overvekt og fedme hos barn, blant anna fordi det medfører psykiske og emosjonelle utfordringar (Hemmingsson, 2014). Dette kan skape uheldige åtferdsmönster, auka appetitt, redusert metabolisme, betennelsar og stress, forklarer Hemmingsson (2014). Blant overvektige barn beskrivast ofte ein tilværelse med mobbing, utanforskap, sosial isolasjon og fysisk inaktivitet, noko som kan medføre kroppslege smerter, psykiske helseutfordringar og ytterlegare vektauking (Guddal et al., 2020; Thomas et al., 2008). Ein anna risikofaktor for utvikling av overvekt og fedme er opplevde overgrep i barndommen, enten i form at følelsesmessige, fysiske, seksuelle eller generelle overgrep (Hemmingsson, 2014). Evensen et al. (2016) opplyser at barn og unge som er overvektige eller har fedme, er disponert for å slite med vekta vidare inn i tenåra.

Vektauking i vaksen alder skjer ofte som følge av psykiske helseproblem, ein passiv livsstil eller utfordringar med vekt etter svangerskap, og vektaukinga skjer ofte utan at personen er bevisst dette sjølv (Thomas et al., 2008). Svært få som har fedme oppgir at årsaka til overvekta er personlege negative eigenskapar som latskap (Grønning et al., 2013). Sosioøkonomiske faktorar kan bidra til fedmeutvikling, og førekomsten av overvekt og fedme er størst blant dei med den kortaste utdanninga (Folkehelseinstituttet, 2018a). Sosiale faktorar kan ha stor betyding for helsa vår og eventuell arbeidsuførheit (Krokstad et al., 2013). Eit godt arbeidsmiljø opplevast som ein positiv bidragsytar til helse og god sjølvfølelse hos vaksne med fedme, men arbeidsledige opplever ofte at fedmen er eit hinder i å søke jobb eller bli verande på jobb (Homer et al., 2016).

Matvanar er ofte tett forbunde med både fedme og psykiske helseutfordringar, og kan medføre usunn åtferd knytt til kosthald og dysfunksjonelle meistringsstrategiar (Grønning et al., 2013; Lazarevich et al., 2013; Lazarevich et al., 2016). Overspising, trøstespising, uregelmessige måltid, konstant svoltfølelse og stort behov for karbohydrat er fenomen som kan assosierast med høgt nivå av impulsivitet og depressive symptom, som vidare bidreg til vektauking (Lazarevich et al., 2013). Ved depressive symptom brukast gjerne trøstespising og overspising for å regulere negative humørtilstander. Motsatt kan depresjon medføre redusert appetitt og sulting. Psykiske helsetilstandar som angst, tristhet, sinne, frustrasjon og stress gjer at ein blir meir utsett for emosjonelle matvanar, noko som er med på å forklare utviklinga av fedme (Lazarevich et al., 2016).

2.4 Stigma og fordommar mot menneske som har fedme

Grønning et al. (2013) beskriv korleis helse og utsjånad assosierast med kvarandre og signaliserer forskjellige levesett. Utsjånaden kan seie noko om moral i forhold til mat, det å halde seg i form og ta vare på seg sjølv. Dette er assosiasjonar som gjer helsa visuelt tilgjengeleg, ved å sjå på kroppane sine parametere, forklarer Grønning et al. (2013).

Kulturelle førestillingar knytt til fedme kan skape negative inntrykk av personlege eigenskapar som fråtsing, ettergivenhet og mangel på disiplin, og fedme assosierast med skyld og skam (Groven & Engelsrud, 2016; Grønning et al., 2013). Fedme blir ofte framstilt på ein forenkla måte i det offentlege rom til å kun omhandle kaloriar inn og ut, noko som skapar eit bilde av at fedme er eit personleg ansvar som kan behandlast av frivillige beslutningar (Rubino et al., 2020). Mange menneske med fedme vel å trekke seg tilbake og isolere seg for å unngå pinlege opplevingar, blikk og kommentarar (Farrell et al., 2021). Kroppen speler ei viktig rolle knytt til sjølvidentitet og sosial identitet (Grønning et al., 2013). Farrell et al. (2021) forklarer at stress, låg sjølvfølelse og andre følelsesmessige lidingar kan bidra til ytterlegare vektauking og fedme. Fleire ønsker å gå ned i vekt nettopp på grunn av stigma og fordommar, og mange rapporterer om større aksept i samfunnet etter ein vektredusjon (Grønning et al., 2013).

Stigma og fordommar basert på vekt aukar sjukdomsførekomsten og dødelegheita hos dei som utsettast for det (Folkehelseinstituttet, 2018a). Vektstigma kan vere ein bidragsytar til både fysiske og psykiske helsevanskar (Rubino et al., 2020). Fleire beskriv ein følelse av å bli objektivisert og framandgjort på grunn av fedmen (Ueland et al., 2019). Diskriminering, fiendtlege sosiale haldningar og urettferdig behandling er belastande og bidrar til ein passiv, stillesittande livsstil og psykiske helseutfordringar. Den fysiske helsa kan også påverkast av dette i form av høgare førekomst av sjukdom og kroniske betennelsar (Sutin et al., 2015). Vektstigma i seg sjølv er ein psykososial bidragsytar som medverkar til større grad av fedmefremmande åtferd (Puhl et al., 2020). Sutin et al. (2015) viser til funn som peiker i retning av at stigma knytt til vekt kan medføre konsekvensar som er meir skadeleg enn overvekta i seg sjølv. Vektstigma kan forøvrig sjå ut til å medføre større konsekvensar for kvinner enn menn, med negative sosiale følger og økonomiske konsekvensar (Tronieri et al., 2017). Mange med fedme rapporterer om diskriminering i arbeidslivet på grunn av vekta og utsjånad, og dette gjeld i noko større grad for kvinner enn for menn (Puhl & Heuer, 2009). Diskriminering skjer også innan helsevesenet, på utdanningsinstitusjonar og i samfunnet generelt (Rubino et al., 2020). Fleire har opplevd brotne relasjonar som følgje av fedmen, i familien, mellom enkeltpersonar, med helsepersonell og i lokalsamfunnet elles (Thomas et al., 2008). Urettferdig behandling, samt stigma og fordommar på grunn av vekt er svært stressande for den enkelte (Schvey et al., 2014).

2.5 Fedme som eit kvardagsleg problem og ein livslang kamp

Dagleglivet for personar med fedme kan innebere ikkje å finne kle som passar, ikkje bruke bilbelte da dei ikkje er lange nok, ikkje gå på kino og teater fordi seta er for små, og økonomiske konsekvensar som å måtte kjøpe to flysete fordi eitt blir for lite (Thomas et al., 2008). Turar og feriar kan opplevast som angstfylte for mange (Horner et al., 2016). Enkelte kvinner i Groven & Engelsrud (2016) sin studie beskriv korleis dei opplever det som «familiens beste» at dei går ned i vekt, og at det kan ha noko å seie for deira framstilling som suksessfulle mødre. Enkelte føler seg som ei byrde i

familiesamanheng, fordi familien sitt sosiale liv og moglegheiter for ferie og andre fornøyelsar blir begrensa på grunn av fedmen (Homer et al., 2016). Mange med fedme unngår sosiale samankomstar, familie og venner fordi dei skammar seg over sin utsjånad, og vil unngå pinlege hendingar, blikk og kommentarar (Grønning et al., 2013; Homer et al., 2016). Enkelte vel sosial isolasjon og tenker at andre er uinteresserte i å vere ilag med ein så stor person (Lier et al., 2016).

For mange med fedme har vektreduksjon vore ei utfordring heile livet. Eit gjennomgåande ønske hos mange er å gå ned i vekt for å forbetre den generelle helsa og unngå kroniske helseplager (Buxton & Snethen, 2013). Ogden et al. (2020) beskriv korleis enkelte yter ein innsats for å gå ned i vekt og mislykkes med forsøket, medan andre gir opp å prøve vektreduksjon fordi dei forventar å mislykkast. I førebygginga og behandlinga av fedme og langsiktig sjukdom er vanleg fysisk aktivitet ein av dei viktigaste livsstilsfaktorane (Guddal et al., 2020). Pasientar som tyr til kirurgiske inngrep mot fedmen opplever at dette er «einaste utveg», og håpar at kirurgi kan føre til store forbetringar i både fysisk og psykisk helse (Homer et al., 2016). I arbeidet med å utvikle ein sunn livsstil, gå ned i vekt og førebygge fedme, er støttande relasjoner ein viktig bidragsytar, og familiemedlem og vener kan påverke vanar og åtferd knytt til god helse. (Gjertsen et al., 2021). Forventningar om å innfri sosiale normer eller tradisjonelle kjønnsroller kan vere eit hinder på vegen mot ei sunn livsstilsendring (Sriram et al., 2018). Buxton & Snethen (2013) beskriv forøvrig at det er mange med fedme som ikkje baserer helsa si på BMI-scoren, og opplever å vere fornøgde med helsa dersom dei meistrar eigen kvardag og daglegdagse gjeremål.

Samspelet mellom fedme og psykiske helseproblem svært komplekst. Hensynet til psykisk helse må alltid ivaretakast i behandling av fedme (Tronieri et al., 2017). Kunnskap om meistringsstrategiar, adekvat følelseshandtering og sunn åtferd knytt til mat kan vere viktige bidrag i førebygging og behandling av helsetilstandar som overvekt og fedme (Lazarevich et al., 2016; Ohara et al., 2019). Med fedmeepidemien verda står ovanfor i dag er behovet stort for å iverksette effektive førebyggande tiltak mot fedme i den generelle befolkninga, spesielt med tanke på dei som er genetisk disponerte for å utvikle fedme (Bjørnelv et al., 2021; Brandkvist et al., 2019). Personar med fedme kan oppleve eit stort personleg ansvar for eigen helsetilstand, noko som kan vere eit hinder i å søke hjelp hos helsetenestene (Brown et al., 2006). Gode relasjoner til helsepersonell og tettare oppfølging er faktorar som bidreg til betre kontakt og tillit til helsetenestene (Buxton & Snethen, 2013). Menneska som søker hjelp for fedmen ønsker å bli sett som den personen dei er, ikkje berre overvekta, BMI-scoren og følgetilstandane. Dei ønsker få hjelp av helsepersonell til å kome seg ut av kroppane og situasjonen som held dei igjen frå å utfolde seg sjølv (Johnstone et al., 2020).

3. Metode

I dette kapittelet vil eg først gi ei kort innføring i vitenskapsteori. Malterud (2017) opplyser at ein fint kan benytte seg av kvalitative forskingsmetodar utan at det er nødvendig med noko fordjuping i filosofiske og vitenskapsteoretiske grunnlag, men dette kan likevel bidra til ei betre forståing av den store samanhengen. Kapittelet vidare vil beskrive den kvalitativ forskingsmetoden som er benytta i denne studien, samt framgangsmåten knytt til utval, rekruttering, datainnsamling og analysering.

3.1 Kort om vitenskapsteori

Vitenskapsteori er eit overordna begrep som omfattar læra om dei vitenskaplege teoriane, begrepa og metodane, i tillegg til kunnskapssyn (Thoresen et al., 2020). Vitenskapssynet kan forenkla sett delast inn i to retningar som forankrar seg i ulike kunnskapssyn – positivisme og hermeneutikk. Positivismen er naturvitenskapen som skal bidra med å *forklare*, medan hermeneutikk er humanvitenskapen som skal bidra med å *forstå*. Desse to retningane seier noko om hovudtrekka i synet på metode, kunnskap og teoridanning (Dalland, 2020). Vitenskapsteori og metodologi er to begrep som går litt over i kvarandre, og enkelte bruker dei nesten som synonym. For å nyansere desse begrepa kan det bemerkast at metodologien er ein del av vitenskapsteorien, og er definert som læra om metodane (Thoresen et al., 2020).

Positivisme har hatt stor betyding innan medisin og helsefag. Den tek utgangspunkt i fenomen som kan målast og observerast som objektive fakta, noko som er forutsetningar innan kvantitative forskingsmetodar (Thoresen et al., 2020; Malterud, 2017).

Positivismen ønsker å gi forklaringar knytt til termer av årsak-verknad. Forskaren skal ikkje la seg påverke av vurderingar som ikkje er vitenskaplege, men skal forholde seg objektiv (Dalland, 2020). Nokon av aspekta ved den tradisjonelle, positivistiske metodelæra er trua på å skulle oppnå stabile konklusjonar på korleis ting verkeleg er, trua på sikkerheit og sannheit, samt ei forventing om å komme fram til ei universal generalisering (Tjora, 2017).

Hermeneutikk betyr fortolkingslære og har som mål å skape forståing. Denne typen kunnskap får ein ikkje innsikt i gjennom positivismen og naturvitenskapen sine metodar. Mennesket som eit fysisk vesen påverkast også av fleire faktorar som håp, drømmer og redslar. Mennesket er ikkje kun omgitt av ting i naturvitenskapens verden, som vekt, hastigkeit, rom og tid, men også av ting som har *betyding* for den enkelte (Dalland, 2020). Ei hermeneutisk tilnærming baserer seg på fortolking og forståing av menneskelege uttrykk for å forklare det bestemte fenomenet (Malterud, 2017). Hermeneutikk brukast gjerne i samanheng med fenomenologi (Dalland, 2020).

Fenomenologi

Mitt vitenskapsteoretiske ståsted i denne oppgåva er fenomenologien. Fenomenologi betyr «læra om fenomena». Eit fenomen kan dreie seg om noko meiningsfullt som oppfattast av sansane, til dømes veremåte og haldningar (Dalland, 2020). Ei metodologisk tilnærming knytt til fenomenologien er ofte basert på intervju, der

menneske kan sette ord på eigne tankar (Tjora, 2017). Kroppserfaringar har ein viktig plass i fenomenologien, noko som er særleg aktuelt innan fysioterapivitenskap (Malterud, 2017).

Malterud (2017) beskriv at fenomenologi dreier seg om forståinga av individet sin livsverd, subjektive erfaringar og bevisstheit. Ei fenomenologisk tilnærming set informanten i fokus og materialet blir analysert med interesse i korleis fenomenet opplevast for den enkelte (Tjora, 2017). Vitenskapen beskrivast frå eit førstepersonsperspektiv, altså eg-perspektivet: eg føler, eg erfarer, eg ser, og liknande. Eit fenomenologisk perspektiv brukast innan helseforsking for å gi innblikk i korleis pasientar opplever sin eigen situasjon, og deira refleksjonar om korleis fenomenet påverkar forholdet til andre menneske og verden rundt. Dette perspektivet er sentralt i helseforsking der ein vil utvikle kunnskap om komplekse fenomen (Thoresen et al., 2020).

Thoresen et al. (2020) forklarer at ei fenomenologisk kunnskapsforståing har som grunnlag at all menneskeleg aktivitet, samt vitenskapleg arbeid, har *livsverda* som basis og utgangspunkt. Dette inneber at både forskaren og informantane deler nokon felles grunnleggande livsbetingelsar som tid, rom og kroppslegerheit. Dette gjer at forskaren ikkje har moglegheit til å vurdere fenomenet frå eit nøytralt nullpunkt utanfor *livsverda*. Fenomenologien anerkjenner at forskaren si forståing av fenomenet vil basere seg på desse livsbetingelsane og at dei vil vere premissar for forskinga og vidare utvikling av kunnskap. Den fenomenologiske haldninga ønsker likevel, ideelt sett, at forskaren ikkje lar kunnskapen han eller ho allereie besitter, skal kome i vegen for eller påverke utviklinga av ny kunnskap. Målet er å hente så «rein» kunnskap som mogleg om det bestemte fenomenet (Thoresen et al., 2020).

3.2 Kvalitative metodar

Problemstillinga til denne studien er følgande: «*Kva for erfaringar har unge vaksne med fedme relatert til psykisk helse og sin fedmesjukdom?*» Sidan hensikta er å undersøke opplevelingane og erfaringane hos den enkelte, velger eg å benytte ein kvalitativ forskingsmetode som skaper rom for å utforske og forstå samanhengar (Malterud, 2017). Kvalitativ metode fokuserer på ein djup innsikt i enkeltmenneske sine tankar, førelsar, refleksjonar og haldningar, som ikkje let seg talfeste eller måle (Dalland, 2020). Metoden hjelper oss til å forstå kvifor menneske gjer som dei gjer, gir innblikk i åtferd og levande kunnskap (Malterud, 2017). Gjennom ein kvalitativ metode kan ein innhente djupe, personlege førelsar og tankar hos den enkelte, sett frå hans eller hennar perspektiv (Tjora, 2017). Malterud (2017) forklarer vidare at gjennom kvalitative metodar kan vi utforske og forstå medisinske problemstillingar og studere fenomen der kunnskapsgrunnlaget frå før av er tynt.

Tjora (2017) beskriv korleis kvalitative og kvantitative metodar på eit generelt og overordna grunnlag kan skiljast seg frå kvarandre. Kvalitative metodar viser *innsikt*, medan dei kvantitative metodane viser *oversikt*. Vidare kan ein seie at kvalitativ forsking søker *forståing*, medan kvantitativ forsking søker *forklaring*. Malterud (2017) presiserer

at kvalitative forskingsmetodar har som mål å beskrive, ikkje predikere. Dette underbygger mitt val av metode, da eg ønsker å få innsikt og forståelse for den enkelte sine synspunkt, på eit djupare nivå. Dalland (2020) viser til ein anna skilnad mellom metodane, der kvalitativ forsking er ute etter det særeigne, spesielle og eventuelt avvikande, medan kvantitativ forsking søker det gjennomsnittlege, det som er felles og representativt. Vidare kan kvalitativ forsking beskrivast som at forskaren ser fenomenet innanfrå, medan i kvantitativ forsking blir fenomenet sett utanfrå (Dalland, 2020).

Semistrukturerte intervju

Kvalitative forskingsintervju gir innsikt i korleis informantane opplever sin livsverd relatert til det aktuelle fenomenet. Semistrukturerte intervju, også kalla dybdeintervju, gir moglegheit til å studere nyansane i den enkelte sine meininger og erfaringar. Samtalen skal forløpe relativt fritt, og samtidig kretse innom aktuelle tema som forskaren har bestemt i forkant av intervjuet. Denne intervjustilen gir informanten moglegheit til å trekke inn andre relevante moment som forskaren ikkje nødvendigvis hadde tenkt ut i forkant og stilt direkte spørsmål om, men som likevel viser seg å vere aktuelle for forskinga. På denne måten kan nye tema og forhold identifiserast gjennom informantens sine assosiasjonar (Tjora, 2017).

Malterud (2017) forklarer at intervjuguiden skal bestå av opne spørsmål som legg til rette for eit mangfold av moglege svar. Informantane har da anledning til å fordjupe seg i tema dei har mykje å fortelje om, i tillegg til at dei kan trekke inn fleire relevante moment (Tjora, 2017). I min studie vart den semistrukturerte intervjuguiden utarbeidd av meg, i samarbeid med rettleiarane, og intervjuguiden bestod av seks hovudtema og fleire oppfølgingsspørsmål. I starten var spørsmåla enkle og konkrete, deretter bevegde vi oss vidare inn på meir sensitive tema knytt til tankar kring psykisk helse og fedme (*Vedlegg 1: Intervjuguide*).

3.3 Utval og rekruttering

Inklusjon- og eksklusjonskriterier

For å finne deltakarar til studien var inklusjonskriteriane at informantane skulle ha behandlingstrengande fedme (BMI over 35 og tilleggssjukdom, eller BMI over 40) og vere unge vaksne i alderen 18-32 år. Studien hadde ingen eksklusjonskriterier.

Informasjon om utvalet

Fem informantar deltok i studien, derav to menn og tre kvinner. Yngste deltakar var 19 år, og den eldste var 32. Blant informantane var det tre av fem som visste kva BMI dei hadde, og dei hadde ein BMI mellom 40 og 43. Dei to andre informantane ønska ikkje følge med på BMI da dei ikkje likte dette måleverktøyet. Ingen av informantane hadde forsøkt kirurgiske inngrep mot fedmen. To av informantane hadde høgskuleutdanning og var i arbeid, der éin av dei var i redusert stilling og éin var midlertidig sjukmeldt på intervjugidspunktet. To informantar var i eit utdanningsforløp og hadde deltidsjobbar i tillegg. Den siste informanten var ufør. Når det gjeld sivilstatus hadde to informantar

sambuarar på intervjugidspunktet, ein informant gjekk gjennom eit samlivsbrot og dei to siste var single.

Rekruttering

Informantane vart rekruttert med utgangspunkt i fedmeklinikken på St. Olavs hospital og på ein klinikks for konservativ behandling i Midt-Norge. Rekrutteringsprosessen gjekk føre seg på følgande måte: Som forskar møtte eg opp på behandlingsklinikken og informerte ei gruppe aktuelle kandidatar muntlig, samt at dei fekk utlevert informasjonsplakatar knytt til studien (*Vedlegg 2: Info-plakat*). Under den muntlige informeringa var det i alt fire personar som meldte seg til å vere med på studien. Dette skjedde etter at to i forsamlinga tok ordet i plenum, stilte spørsmål og engasjerte seg i kva studien dreia seg om. Tjora (2017) beskriv slike personar som viktige «nøkkelinformantar» som bidreg til *snøballeffekten* når dei melder seg på studien og vidare oppmunstrar to andre til å melde seg på. Vidare vart e-postar med informasjon og invitasjon til studien sendt ut til dei som ikkje var til stades under den muntlige seansen. E-postane vart sendt av leiaren på klinikken, da han hadde tilgang på namn og kontaktinformasjon til deltakarane. Den femte og siste informanten meldte seg etter å ha mottatt informasjon på e-post. Rettleiaren min informerte kollegaer på St. Olavs, slik at dei kunne tipse aktuelle kandidatar, men ingen fleire meldte seg etter dette.

Eg utveksla namn og telefonnummer med dei fem som hadde meldt seg, og vi heldt kontakt på SMS og telefon. På nyåret 2022 avtalte eg tid og stad for intervjuet med kvar enkelt, etter deira ønsker. To intervju vart gjennomført på behandlingsklinikken, og tre intervju var gjennomført på St. Olavs. Alle fem intervjuva vart gjennomført i løpet av same veke i januar 2022.

3.4 Datainnsamling

Intervjuprosessen

Intervjuja gjekk føre seg på samtalerom eller grupperom, der vi hadde god plass og roleg atmosfære. Det kortaste intervjuet varte i 33 minutt, og det lengste varte i 1 time og 9 minutt. Gjennomsnittstida var 53 minutt, med ein median på 60 minutt. Alle intervjuva vart tatt opp med lydopptakar. Intervjuja gjekk føre seg på følgande måte: Innleiingsvis var fokuset å skape ei avslappa atmosfære der informanten fekk tilbod om kaffi og vatn i kantina, medan vi småprata om laust og fast, før vi gjekk til samtalerommet. Tjora (2017) beskriv kor viktig det er at forskaren og informanten opplever tillit og tryggleik før ein beveger seg mot sensitive vanskelege tema, som både psykisk helse og fedme kan vere. Vi begynte deretter med ein gjennomgang av informasjonsskrivet og samtykkeskjemaet, med signering av samtykke før oppstart. Kort informasjon vart gitt om studiens mål, i tillegg til at det vart opna for spørsmål dersom informantane lurte på noko. Det vart også presisert at det ikkje fantes noko fasitsvar til mine spørsmål, men at deira tankar, erfaringar og refleksjonar var av interesse. Dei vart orientert om sine rettigheter til gjennomlesing av datamaterialet, samt retten til å trekke seg. Etter klarsignal frå informanten sette eg på lydopptakaren og starta intervjuet.

Eg opplevde at informantane i stor grad var villige til å opne opp og fortelje om sårbarer og private erfaringar frå eige liv. Eg var bevisst på å oppmuntre, bekrefte og vise at eg sette pris på deira openheit. To av informantane virka noko beskjeden og usikker i intervjuettingen, og svara noko kort på spørsmåla, medan to andre tidvis snakka seg vekk frå temaet og såg ikkje ut til å la seg påverke av intervjuettingen. På grunn av korona-pandemien hadde eg som forskar munnbindet på under heile intervjuet, men eg opplevde ikkje dette som noko hindring i å danne god kontakt. Informantane fekk valet om å ha munnbindet på eller av, og alle informantane valte å gjennomføre intervjuet utan munnbind.

Transkribering

Alle dei fem intervjuva vart transkriberte av meg umiddelbart etter intervjuva, innan 1-3 dagar. Alle personlege opplysningar vart anonymisert og ein kunne ikkje identifisere informantane i etterkant gjennom transkripsjonane. Dialekter vart omgjort til nynorsk, med unntak av ord og uttrykk som passa seg best på dialekt. Pausar og småord vart bevart i transkripsjonane, i tillegg til at «(latter)» vart notert der det forekom. Gjennom å transkribere alle intervjuva på eiga hand fekk eg som forskar ei unik moglegheit til å bli kjent med eige datamateriale. Ved å transkribere intervjuva raskt etter at dei var gjennomført, kunne eg på best mogleg vis gjengi det informantane faktisk hadde uttrykt (Dalen, 2004).

Forskingsetiske vurderingar

Før denne studien kunne settast i gang, vart det sendt inn ein søknad til REK (Regional Etisk komité) for å få godkjenning til å gjennomføre forskingsprosjektet (*Vedlegg 3: Godkjenning frå REK*). Etter at prosjektet var godkjent, vart det utarbeidd eit informasjonsskriv og samtykkeskjema etter REK sin mal. Dette vart bruka i samband med intervjugprosessen, der informantane fekk skriftleg informasjon om studien og signerte skriftleg samtykke før deltakinga (*Vedlegg 4: Info- og samtykkeskjema*). Alle fekk informasjon om at deltakinga var frivillig, opplysningane frå dei vart anonymisert, og kva rettigheter dei hadde som deltararar i studien. Dei fekk kontaktinformasjon til meg som forskar og kunne ta kontakt om ønskeleg. Alle fekk tilbodet om å lese gjennom eige intervju i etterkant, noko éin informant takka ja til. To informantar ønskte å få tilsendt ferdig masteroppgåve i etterkant. Informantane fekk ei lita gåve etter intervjuet, som takk for at dei deltok.

Gjennom masterprosessen har kun eg som forskar hatt tilgang til kontaktinformasjon til informantane, og opplysningane vart ikkje delt med andre. Til oppbevaring av filer og dokument vart NTNU sitt sikre lagringsområde benytta, i tillegg til ein privat minnepenn. Som forskar opplevde eg eit stort ansvar for at opplysingane vart forvalta rett. Eg har valt å omtale deltarane i studien som «ein informant», «fleire informantar» og liknande, da eg ikkje vil skrive for mykje relatert til kjønn, og heller ikkje oppgi alder. Utvalet er såpass lite at eg vurderer dette som nødvendig for å ivareta deltarane sin anonymitet.

Som forskar var eg bevisst mitt ansvar da eg skulle stille spørsmål rundt psykisk helse og fedme. Det er sårbart å opne seg opp og fortelle om personlege erfaringar og vanskelege opplevingar til ein framand. Eg forsikra dei i starten av intervjuet at dei hadde rett til å gi beskjed dersom nokon av spørsmåla var vanskelege å svare på, eller om dei ønska å gå vidare til neste spørsmål. Alle deltagarane var opne om sine personlege erfaringar og gav av si tid for at eg skulle få datamaterialet eg var ute etter, noko det står stor respekt av og som eg er svært takksam for. Informantane er årsaka til at denne oppgåva vart spennande og lærerik å jobbe med. I tillegg har alle informantane bidratt med sine erfaringar for å skape meir innsikt rundt denne tematikken, og eg håpar deira historiar vil vere med å skape meir forståing og aksept, samt redusere fordommar og stigma mot denne gruppa.

3.5 Analyse

Datamaterialet i denne studien baserar seg på fem intervju med dei unge vaksne som deltok. På grunn av eit lite utval vart det ikkje benytta noko dataprogram i analyseprosessen, men analysen vart utført manuelt i Word, deretter skriven ut og bearbeidd med penn og papir. Malterud (2017) sin analysemетодe med systematisk tekstkondensering vart benytta i arbeidet for ein tematisk tverrgående analyse. Datamaterialet vart vurdert etter følgande analysetrinn:

Trinn 1: Helhetsinntrykk og foreløpige tema

Dei fem transkripsjonane vart skrivne ut frå Word og lest igjennom for å få ein heilsakleg oversikt og eit inntrykk av alt materialet samla (Malterud, 2017). I denne prosessen noterte eg stikkord rundt foreløpige tema som peika seg ut for kvart intervju. Fargekodar vart bruka til å markere foreløpige felles tema som gjekk igjen. Etter den første gjennomlesinga av alle transkripsjonane, var det følgande *foreløpige tema* som peika seg ut:

1. *Psykiske vanskar og/eller overvekt hos foreldre*
2. *Mobbing, kommentarar og utesetjing i barndommen*
3. *Trøstespising/overspising*
4. *Stigmatisering og fordommar som sosiale hindringar*
5. *Prestasjonspress og stress*

Trinn 2: Meiningsberande enheter og koding

Deretter organiserte eg materialet som skulle studerast vidare, og sorterte vekk det som var irrelevant for problemstillinga (Malterud, 2017). Denne prosessen foregjekk på datamaskina. Eg las gjennom intervjuet linje for linje og plukka ut meiningsberande enheter. Desse vart sett inn i ein oversiktleg tabell og vidare systematisert gjennom koding. Ved å kode materialet bryter ein ned empirien, og sett merkelapp på kva det eigentleg dreier seg om (Dalen, 2004). Kodane skulle presist gjengi detaljar frå empiriske data (Tjora, 2017).

Trinn 3: Kodegrupper

Vidare forsøkte eg å få meir oversikt over datamaterialet ved å plassere kodane i kodegrupper. Tjora (2017) forklarer at hensikta med kodegrupper er å finne tematiske samanhengar og gruppere desse, samt sortere ut kodar som ikkje er relevante for problemstillinga. I tabellen med meiningsberande enheter og kodar laga eg ei ny kolonne for kodegruppene, og forsøkte å plassere kodane i kvar sine kodegrupper, på eit meir fortolkande nivå. Ved å lage kodegrupper fant eg fellestrekks for studien som staka ut retninga vidare.

Trinn 4: Samanfatning og utvikling av hovudtema

Kodegruppene skulle deretter sorterast inn i passande tema. I denne delen av analysen var målet å finne dei viktigaste temaene som var dekkande for intervjuet og skulle prege resultatet av studien. Tjora (2017) beskriv at i denne fasen vil det teoretiske ta meir styring, samanlikna med fasane fram til no der empirien har vore utgangspunktet for arbeidet. Eg undersøkte meiningsberande enheter, kodar og kodegrupper, og hadde relevante teoriar, modellar og studier i bakhovudet, og forsøkte å samanfatte dette: Kva dreier dette seg eigentleg om? Finnes det ein generell merkelapp som passar for dette fenomenet som eg har henta empiri om? Kva for eksisterande teoriar, modellar og studier omtalar dette fenomenet? (Tjora, 2017)

Etter å ha utført denne analysen, var det fem hovudtema som vart ståande igjen som sentrale til slutt – dette var litt andre tema enn eg hadde notert meg etter første gjennomlesing (trinn 1). Eg vurderte følgande fem hovudtema som dekkande, gjennomgåande og beskrivande for empirien opp i mot problemstillinga. Kvart hovudtema har tilhøyrande underkategoriar som kjem fram i resultatkapittelet.

1. Tankar kring eigen kropp
2. Psykisk helsetilstand
3. Sosialt og deltaking
4. Mobbing og belastningar i barndommen
5. Søvn og matvanar

3.6 Rolla som forskar

Sjølv ved ferdigstillinga av denne masteroppgåva er det fortsatt uvant å tenke at eg var forskar i samband med denne studien. Eg er ydmyk over å ha fått lov til å prøve meg som forskar, med alt ansvaret det inneber. I tillegg til masterskrivinga har eg jobba som klinisk utøvande fysioterapeut, noko eg anser som ein fordel i mi rolle som forskar. Eg har hatt praksisfeltet mitt tett på heile vegen med jamlege innslag av tematikk som psykisk helse og fedme. Dette opplever eg som eit positivt bidrag i forståinga av informantane sine uttalelsar og opplevingar. Praksiserfaringa mi har vore med på å forme studien, da eg har hatt mange tankar om tematikken både før, under og etter datainnsamlinga. Likevel har eg forsøkt å vere bevisst ikkje å la min bakgrunnskunnskap kome i vegen for ny utvikling av kunnskap, slik Thoresen et al. (2020) presiserer er viktig i forskinga. I møte med informantane var det viktig for meg å stille med eit ope sinn og banke ark.

Som ung og uerfaren forskar har eg vore bevisst alderen min og korleis denne kan ha innverknad på datainnsamlinga. Eg som forskar var omtrent på same alder som mine unge informantar, og på grunn av dette var eg ekstra bevisst på å framstå profesjonell og vise at eg tok arbeidet på alvor. Samtidig var eg bevisst å skape ei komfortabel atmosfære der eg og informantane var på same nivå og kunne føre ein likestilt samtale mellom to partar på same alder. Som ung voksen kunne eg sjølv relatere til mange av dei temaene informantane tok opp, eksempelvis sosiale media og prestasjonssamfunn, og dette gjorde at vi fekk gode dialogar rundt tematikken med lik forståing av konsepta. Kanskje var det enklare for informantane å ta opp «ungdommelege» tema og utfordringar nettopp fordi eg som forskar var på same alder som dei.

Som kvinneleg forskar var eg også bevisst at dette kunne ha påverka intervjuet. Tre av fem informantar var kvinner og to var menn. Det kan tenkast det er lettare å opne seg opp til nokon av det same kjønnnet. Eksempelvis snakka ein kvinneleg informant om utfordringar på datingmarkedet og skjønnhetsideal, noko som kanskje var lettare å snakke om da vi begge er kvinner. Eg opplevde likevel alle informantane som opne og villige til å dele personleg informasjon. Til dømes var ein av dei mannlige informantane open om sine kompleks knytta til strekkmerker, kropp og utsjånad.

3.7 Metodediskusjon

Den kvalitative tilnærminga i denne studien var gunstig og godt eigna for å svare på følgande problemstilling: «*Kva for erfaringar har unge vaksne med fedme relatert til psykisk helse og sin fedmesjukdom?*» Ved å bruke kvalitative forskingsintervju opplevde eg at studien fekk eit rikt datamateriale der mange personlege erfaringar kom opp på bordet. Eg håper funna kan bidra til innsikt og forståing i tematikken for alle som ønsker det, samt at funna kan vere av relevans i samband med klinisk praksis. Meir om dette i kapittel 6, «Oppsummering».

Knytt til metoden i denne oppgåva kan det nemnast at eg opplevde arbeidet med rekruttering av informantar som utfordrande, og endte opp med færre deltakarar enn eg i utgangspunktet hadde ønska. Eg hadde ikkje tilgang til namn og kontaktopplysningar til dei aktuelle kandidatane som ikkje var fysisk til stades under den muntlige informasjonen på behandlingsklinikken, på grunn av taushetsplikta. Alt eg kunne gjere var å informere gjennom andre ansatte på klinikkan, som hadde kontaktinformasjonen, og håpe nokon ville engasjere seg og melde seg på. Leiaren på behandlingsklinikken sendte ein purrande e-post da det ikkje var noko respons på den første. Likevel meldte berre éin kandidat seg etter å ha fått informasjon på e-post. På grunn av at deltakinga skulle vere frivillig, og studien skulle ta føre seg potensielt vanskelege og sårbare tema, valte eg ikkje å mase meir på kandidatane etter éin runde med purring.

3.8 Styrker og svakheiter med studien

Den viktigaste svakheita med denne studien er størrelsen på utvalet. Fem informantar deltok, i motsetning til åtte eller fleire, som eg hadde sett for meg i utgangspunktet. Konsekvensen av dette kan vere at eg ikkje oppnådde god nok metning av

datamaterialet. Ei god metning av materialet inneber at det ikkje kjem fram nye moment i kvart intervju (Tjora, 2017). I alle dei fem intervjuia eg gjennomførte opplevde eg at det kom fram nye moment, difor nådde eg truleg ikkje metningspunktet. Likevel, målet med ein kvalitativ studie er å samle innhaldsrik informasjon frå informantane, og dette opplevde eg i stor grad. I alle fem intervjuia var det fleire felles erfaringar og refleksjonar som gjekk igjen, og samtidig hadde alle noko nytt og særegent å tilføye som berika materialet ytterlegare. Etter fem intervju hadde eg mange konkrete, personlege erfaringar frå unge vaksne om deira psykiske helse og fedme, og eg fekk eit rikt datamaterialet til å arbeide med vidare i studien. Eg vurderer det i tillegg som ein styrke at dei fem informantane som deltok var av begge kjønn med forskjellige aldrar.

Ein konsekvens av størrelsen på utvalet var at framstillinga av funna i resultatkapittelet ikkje kunne innehalde for mykje informasjon. For ein leser kunne det truleg vore interessant med meir detaljerte opplysningar om kjønn og alder rundt kvart sitat, da dette synleggjer deltakarane i større grad og gir betre inntrykk av personen og kjelda til sitatet. Bevisst valte eg å ikkje ta med dette for å sikre anonymitet. Imidlertid tenker eg at leseren er opplyst om at det er tre kvinner og to menn som er deltar i studien, med aldersspennet 19 - 32 år, og eg håper dette gir eit godt nok bilde av opphavet til sitata.

3.9 Litteratursøk

Søk etter kunnskapsgrunnlag og tidlegare forsking vart hovudsakleg utført i følgande databasar: PubMed, Google Scholar, Oria, Cochrane Library og MEDLINE. Følgande søkeord vart brukt: obesity, obese, BMI, overweight, mental health, psychological health, physical health, young adults, adolescents, adults, stigma, sleep, stress, social media og biopsychosocial model. Søkeorda vart benytta i ulike kombinasjonar med kvarandre, mest på engelsk og noko på norsk, og litteratursøk vart jamleg utført heilt til slutten av masterforløpet. Telefonkontakt og e-postkorrespondansar vart i tillegg utført med HUNT forskningssenter for å innhente oppdatert, relevant datamateriale. I tillegg vart fleire lærebøker benytta for å innhente kunnskap, særleg knytt til metode og analyseprosessen.

4. Resultat

I dette kapittelet vil eg presentere funna frå dei fem intervjuia. Problemstillinga til studien er følgande: «*Kva for erfaringar har unge vaksne med fedme relatert til psykisk helse og sin fedmesjukdom?*» Etter analysen stod følgande fem hovudtema fram som essensielle for empirien: Tankar kring eigen kropp, psykisk helsetilstand, sosialt og deltaking, mobbing og belastningar i barndommen, søvn og matvanar – alle med tilhøyrande underkategoriar. Framstillinga av funna vil bli underbygd med direkte sitat frå informantane, skrive i *kursiv* med anførselsteikn.

4.1 Tankar kring eigen kropp

Fysiske helseplager som følge av fedme

Informantane fortel at dei stort sett er fornøgde med helsa si, og at helsa er mykje betre enn vekta skulle tilseie. Ein informant seier at kroppen har det «*aldeles glimrande*,» situasjonen tatt i betraktning. Stort sett alle rapporterer om fine verdiar knytt til blodtrykk og kolesterol, friske hjarter og indre organ, og ingen har livsstilssjukdommar som diabetes. Ein informant oppgir at helsa er grei i dag til tross for fedmen, men at han bekymrar seg for korleis helsa kan bli på sikt. Han fortel at ein stor motivasjon for å gå ned i vekt er betre helseutsikter for framtida.

I samband med fysiske helseplager fortel ein informant om tidvis migrene og skulder- og nakkeplager. Ein anna informant har truleg PCOS (polycystisk ovariesyndrom), noko som medfører blant anna overvekt og problem med vektreduksjon. Ein tredje informant har fleire diagnosar å rapportere om - lupus, sekundær fibromyalgi og intrakraniell hypertensjon. Alle informantane rapporterer om redusert kondisjon og utholdenhet. Dette medfører utfordringar ved til dømes trappegange og anna fysisk aktivitet, der fleire av informantane blir andpustne, svett og slitne. Alle oppgir at dei i meir eller mindre grad manglar energi og overskudd i kvardagen. To informantar beskriv at dei tidvis har mykje energi, men da må dei vere forsiktige og ikkje overanstreng seg, da dei kan bli straffa i etterkant. Det kan vere vanskeleg å finne balansen.

Ein informant fortel at ho har ein BMI over 40, men synes ikkje dette ser ut til å stemme. Ho stiller seg kritisk til BMI-skalaen og opplever at den gir eit feil bilde av helsetilstanden – ho ser ikkje på seg sjølv som så stor. Informant 3 understrekar at det er viktig med eit positivt syn på eigen kropp, og ei mental innstilling om at fedmen ikkje skal vere noko hinder i seg sjølv. Dersom ein tenker at fedmen og den fysiske tilstanden er eit hinder, vil den fort bli det. Da skaper man ei barriere for seg sjølv, i følge informanten. Fleire av informantane svarer både ja og nei på om dei trives i eigen kropp, og forklarer at sjølvbildet og sjølvtilletten kan variere mykje.

At utanforståande *antar* at du har eit fysisk helseproblem, kan vere belastande, i følge informantane. Ein informant som jobbar i barnehage opplevde ein ubehageleg kommentar frå ein kollega om at ho kanskje burde skifte yrke, med den antakinga at fedmen kunne vere ei utfordring ved til dømes nødsituasjonar, der ein må komme seg raskt til ulykkesstaden. Informanten fortel at det er synd at fedmen blir antatt å vere eit

problem, da ho sjølv opplever at ho fint meistrar sine arbeidsoppgåver og ikkje plages i jobbtilværelsen. Ho innrømmer at ho ikkje er av dei raskaste, eller har god utholdenhet, men dette meiner informant kan gjelde andre også, ikkje berre dei som har fedme. Dessutan motargumenterer informant i slike situasjonar om at ho heller skal vere føre var, og vere til stades *før* ulykka skjer, og på denne måten treng ho ikkje springe dersom uhellet er ute.

Vidare beskriv ein informant at han har smerter i skuldrene på grunn av at kroppen er så stor. Han forklarer at sjølv om han slappar av, så ligg ikkje armane inntil kroppen, men dei står heile tida ut og «*får eit spenn*». Han tenker desse skulderplagene kunne vore unngått dersom kroppen hadde vore mindre. I tillegg fortel han at leggane er vonde under fysisk aktivitet på grunn av all kroppsvekta, muskulaturen blir raskt sliten og ledda kan verke. Ei anna fysisk helseutfordring forklarer informanten er at han ikkje kan å sove på ryggen på grunn av vanskar med pusten.

«*Det er berre slitsamt å vere stor og tung.*»

Kroppspress, kompleks og vanskar med utsjånaden

Éin mannleg og éin kvinneleg informant tenker at kvinner i større grad enn menn kjenner på press knytt til kropp og utsjånad. Den mannlege informanten påpeiker at *alle* har lyst til å sjå bra ut, inkludert han sjølv. Han forklarer at alle strekkmerkene på overkroppen og beina går ut over sjølvstillingen hans. Dersom han skulle bestemme seg for å gå mykje ned i vekt, vil han få eit nytt problem med mykje overhengande hud. Det er begrensa kor bra det kan bli, oppsummerer informanten.

«*Eg har øydelagt kroppen min for resten av livet, til ein viss grad. (...) Huda er veldig, veldig utstrekt og raud og stygg. Og eg plages veldig mykje med svie og sår som dukkar opp på grunn av det, for huda er så tynn der. (...) Og det med vasking - unngå å få diverse dritt og infeksjonar - eller å passe på og tørke seg overalt, når du begynner å bli så stor, da... Masse overflate.*»

Alle informantane har forsøkt å gå ned nokon kilo, men med lite hell for varig endring. Ein av informantane var svært opptatt av slanking før, om kor mange kilo ho gjekk ned, kva for trening som var mest effektiv, og liknande. Dette var ein tilværelse ho ser tilbake på som krevande, med eit kontinuerleg press og fokus på slanking. Ho opplevde at dette gjekk ut over andre ting, fordi ho vart så opphengt i det. Ho har no bestemt seg for at ho ikkje ønsker å vere den som står på butikken og teller kaloriar.

Ein informant fortel om utfordringar knytt til fedmen på datingmarkedet, der det er eit stort fokus på utsjånad. Etter å ha møtt folk frå Tinder, hadde ho opplevd å få høyre at ho var for stor, og ikkje såg ut slik som på bilda. Informanten fortel at før i tida kunne ho skjemast veldig over utsjånaden, og slike avvisinger gjekk meir inn på henne da. No forsøker ho å snu tankegangen og tenke at det er deira tap. Klok av skade spør ho i dag Tinder-matchar på melding i forkant av møtet, for å avklare saken først som sist: «*Har du noko i mot plus-size?*»

«Berre sånn, ja, eg har litt ekstra kilo... Men eg har enda fleire ekstra kilo på personlegheit. (latter) Eg har sagt det, ihvertfall i dating-livet, at det eg manglar i cm på midje og cm i høgde – eg er ganske kort – gjer eg opp for med personlegheit.»

Arv og miljø i samband med fedme

Alle informantane fortel om foreldre og andre familiemedlem som har slitt, eller fortsatt slit, med vekta. Informanten som har PCOS fortel at mora også har same sjukdom og har problem med vekta. Fleire av informantane ser ein tydeleg arveleg komponent mellom foreldra sin kroppsfasong og deira eigen. Tre informantar fortel at dei har vore store så lenge dei kan hugse, sidan dei var små. Dei to andre informantane fortel at vekta auka på barneskulen og ungdomsskulen, der den eine forklarar at det skjedde som følge av endra rutiner da foreldra skilte seg, og den andre forklarar at vektaukinga skjedde som følge av mobbing og utanforskap. Sistnemte understrekar at han var så «desperat og deprimert» på det tidspunktet at han ikkje opplevde noko vektauking da han stod midt i det. Han beskriv at han ikkje hadde kapasitet til å registrere at kroppen utvikla seg i ei uheldig retning.

Heimemiljøet og nære relasjonar har hos informantane hatt innverknad på vektaukinga og fedmen. Ein informant beskriv at i foreldra sitt fråvær, i samband med turnusjobbing, tok han sjølv styringa over kosthaldet og matvanane, og åt usunt til uheldige tidspunkt. Ein anna informant reflekterer over at hennar porsjonar ofte var større enn dei andre sine. Ho har alltid hatt god matlyst, og i dag er ho fortsatt glad i å lage og ete mat. Ein tredje informant sa at bestemora kunne oppfordre henne til å forsyne seg meir av maten, men samtidig minne henne på at ho ikkje måtte bli større. To av informantane var slitne av fokuset mødrene skapte rundt vekta, og opplevde at mødrene kommenterte vekta på uheldige måtar, viste uro og bekymring for helsetilstanden deira, og snakka om vektreduksjon og risiko for livsstilssjukdommar på ein uhensiktsmessig måte. Desse to informantane opplevde slettes ikkje mødrene sine innspel som gunstig for å ta tak i situasjonen og hindre ytterlegare vektauking.

Fire av fem informantar fortel om aktive barndommar der dei deltok på fotball, volleyball, kampsport og basketball. Dette var med på å halde vekta nede, til ein viss grad. På barneskulen og ungdomsskulen slutta fleire av informantane med idrett, og fekk ein meir passiv, stillesittande livsstil. Ein informant tenker at små endringar i barndommen kunne utgjort ein stor forskjell på hans vektutvikling i oppveksten.

«Viss eg hadde hatt god søvn, og ikkje slutta på fotball, som eg gjorde i åttande (...) – resten kan vere det same, så trur eg at eg hadde vore mykje meir normal no. Mykje nærmare normalen. Sånn i forhold til vekt.»

Tiltak kring vekt

Fleire av informantane fortel at dei er motiverte for å investere i eiga helse og skape ei varig livsstilsendring. Alle fortel om ulike slankekurar dei har forsøkt for å gå ned i vekt.

Eksempel på dette er pulverkurar, shakar eller kaffi, og diettar som til dømes 5/2-dietten og lavkarbo. Erfaringane er at slankekurane fungerer i nokon veker, der dei går litt ned i vekt, men strenge slankekurar er vanskelege å oppretthalde over tid. Da stig vekta ofte etterpå – gjerne forbi der den var i utgangspunktet. To av informantane presiserer at det er viktig for dei å finne ein balansegang, der dei ikkje treng å leve med ein vedvarande diett, men meistrar å skape ei sunn, varig livsstilsendring. Dei ønsker seg noko som kan inkorporerast i ein kvardag, utan strenge tidspunkt eller rutiner. Ein informant beskriv at det kan vere utfordrande å halde seg til sunne matvanar når til dømes sambuaren kan ete det han vil utan å legge på seg. Da opplever informanten å stå aleine i sitt prosjekt om vektredusjon, og skulle ønske at sambuaren var meir motiverande og bidrog på reisa mot ein lettare kropp. Ein anna informant fortel om eit tiltak som hadde god effekt på vekta hennar for ei stund tilbake.

«Det som funka best for meg, den perioden eg prøvde, for sånn 10 år sidan, det var å bytte til litt mindre fat. Utruleg nok. Det funka. For da er det ikkje fysisk plass til meir, og så... Augene dine og hjernen er på ein måte trent til å bli mett når fatet begynner å bli tomt. Og da er det ikkje bestandig du har lyst til å forsyne deg meir. Fordi... du er mett. Og det å lære at «mett» er den der «ikkje svolten lenger». Vanleg mett er ikkje overmett.»

Alle informantane har forsøkt tiltak som meir fysisk aktivitet og trening for vektredusjon. Informanten med PCOS opplever det som demotiverande å skulle trenre når ho veit at det finst ei medisinsk forklaring for fedmetilstanden hennar. Det er ikkje umogleg for henne å gå ned i vekt, men det er vanskelegare på grunn at PCOS, forklarer informanten. Til dømes kan andre gå éin kilometer for å få eit visst utbytte, medan ho må gå tre kilometer for å oppnå same effekt, viser informanten til som eksempel.

Ein informant fortalte om hjelpa frå helsepersonell i arbeidet mot fedme. Ho føretrekk at helsepersonell er direkte i dialogen rundt fedme og vektredusjon. Ho opplever at mange «*bakar det inn*» og snakkar meir generelt om overvekt og fedme. Informanten understrekar at både pasienten med fedme og helsepersonell vil alltid vere klar over at vedkommande er overvektig. Da kan ein kalle ein spade for ein spade. Likevel ønsker informanten at fedmen ikkje automatisk blir ansett som eit problem. Helsepersonell kan informere om at fedme gir ein *auka risiko* for diabetes, men det er ikkje synonymt med diabetes. Informanten seier mange med stor kropp kan vere tilfreds med sin fysiske tilstand, og da ønsker ein ikkje å få påpeika at noko er gale. Informant 2 understrekar at fedme er ein kompleks tilstand med potensielt mange årsaker bak, og dette må helsepersonell også vere bevisst.

«Viss du ser ein person og ser at han er sjukeleg overvektig (...), så er det eit symptom. Du kan ikkje behandle fedme som ein sjukdom i seg sjølv, for det gir ingen mening. Det er eit symptom på andre ting. Eller, ikkje berre éin ting, dessverre. Det er mange ting som kan forårsake det.»

4.2 Psykisk helsetilstand

Arv og miljø i samband med psykisk helse

Fleire av informantane kan rapportere om ulike diagnosar knytt til psykisk helse, samt erfaringar med psykiske vanskår. To av fem informantar har ADHD. Alle fem kan fortelle om erfaringar med depresjon og angst. Elles kjem det fram diagnosar som bipolar lidelse type 2 og dysthymi (kronisk depresjon). Fleire av informantane opplever at den psykiske helsa har gått litt opp og ned gjennom livet.

To informantar oppgir at dei har ein grunntilstand som varierer mellom null og minus, og følelsen av å vere nedstemt har vart så lenge at dei anser det som normaltilstanden. Fire av fem har følt på psykiske vanskår gjennom barndommen og oppveksten, men har først blitt utreia som unge vaksne. Fleire av informantane opplever det som ein lettelse å få ein diagnose og ei forklaring på helsetilstanden, og fortel at diagnosen har vore til hjelp for å ta tak i situasjonen og søke hjelp og tiltak. I samband med psykisk helse i oppveksten blir også små bygdemiljø nemnt som ei utfordring. I slike små miljø kan det vere desto meir tabu å snakke om følelsar og psykisk helse, og dersom ein slit med psykiske vanskår, blir dette «*kosta under teppet*» og forsøkt gløymt. Informantane beskriv korleis psykisk helsetilstand i oppveksten fekk lite merksemd, og dei opplevde i liten grad tidleg igangsetting av tiltak.

Stort sett alle informantane kan fortelje om foreldre – enten éin eller begge – som slit med psykiske lidingar. Fleire informantar beskriv at dei truleg er genetisk disponerte for psykiske helseplager, samt at oppvekstmiljøet vart påverka av foreldra sine psykiske vanskår. Blant anna blir det nemnt foreldre med bipolar lidelse, angst, og ei mor med store psykiske helseutfordringar som var suicidal. Informanten som fortel om mora som var suicidal, beskriv dette som ei stor belastning i ungdomsåra og den dag i dag. På grunn av dette har informanten vanskår med å stole på andre, sidan mora utførte fleire sjølvmordsforsøk til tross for lovnadar om å ikkje gjere det igjen. I tillegg har heimemiljøet i barndommen hos fleire informantar medført uheldige konsekvensar, til dømes på grunn av foreldre som var lite tilstedevarande og som i liten grad fulgte barna opp med sunne rutiner.

Stress, sjølvtilleit og sosiale media

Alle informantane kan rapportere om negative erfaringar med stress, der arbeidsrelatert stress er ein av hovudkjeldene. Høg arbeidsbelastning kan medføre därleg sovn og utfordringar med å oppretthalde fokus på ei livsstilsendring. Éin av informantane jobbar i ei 60 % stilling, éin informant er sjukmeldt frå jobben på intervjuidspunktet og éin informant er arbeidsufør. Dei to siste er i eit utdanningsforløp og har deltidsjobbar i tillegg. Informant 1 fortel at no om dagen er målet å få opp energinivået og ikkje planlegge for mykje.

«Det vart litt mykje, starta rett i jobb etter studiet, og... 100 % da. Litt krevande å jobbe i heimetenesta. Veldig heavy. Ganske hektisk kjør, mykje stress. Så det... påverkar jo også den psykiske helsa da. Stress og overskudd og energimangel... Også har eg angst og depresjon, da. Så det påverkar jo litt rundt det, da.»

Ein informant fortel at som ungdom opplevde ho at sjølvbildet og indre faktorar var hovudårsaka til usunt stress, men no er det jobb og ytre faktorar som i større grad skapar stress. Informanten er kome lengre i dag i forhold til destruktive tankar, sjølvbilde og sjølvtillit, og føler seg meir open og ser lys og motivasjon for framtida. Ein anna informant fortel at ho er fornøgd med sjølvbildet og sjølvtillit i dag, men at det har tatt mange år å kome dit.

Stress opplever informantane også gjennom sosiale media. Fleire har erfart at sosiale media har ein negativ effekt på deira sjølvtillit og sjølvfølelse fordi der framstillast tilværelsen som eit glansbilde og medfører eit prestasjonspress. Informantane opplever urealistiske forventningar som stilles til dei, og kjenner på skuffelsar når forventningane ikkje kan innfriast. Ein informant opplever blant anna det å skulle finne seg ein kjærast som ei kilde til stress, når alle andre i omgangskretsen får kjærestar og barn.

«Høge forventningar til seg sjølv, høgt press... Og idealsamfunnet, for eksempel med Instagram og alt det der, som skal vere så prestasjonsfylt. Alt framstillast så bra i media, da... Det kan bli litt sånn press og forventningar. Alle andre har det så bra, og er så sprek og sporty og flink.»

Faktorar som påverkar den psykiske helsa

Informantane fortel at det er svært viktig med gode folk og eit trygt nettverk rundt seg for å ivareta den psykiske helsa. Det er behov for nokon nære støttespelarar som ein kan snakke med og få aksept hos. Ein informant fortel at ho har lært seg å velge vene med omhu, og ikkje lenger er saman med venner som stel energi frå henne.

Informant 1 oppgir at frisk luft hjelper på den psykiske helsa, samt å ha ein hund som kan vere med på tur. Ulike former for avspenning og avkopling blir også trekt fram som positivt for den psykiske helsa, til dømes yoga. To av informantane synes musikk er ein positiv bidragsytar, da det fungerer som eit utløp for følelsane. Søvn er også eit essensielt tema hos fleire av informantane, som må vere på plass for å ha ei god psykisk helse. Ein informant meiner at søvn i stor grad hjelper mot depresjon, og at livskvaliteten blir «*latterleg mykje betre*» om ein har gode søvnrutiner.

Å vere i god fysisk form er ein sterk bidragsytar til psykisk velvære, samt det å kjenne seg sterkare i kroppen etter trening, seier informant 2. På same måte kan det gi motsatt effekt å vere i dårlig fysisk form, til dømes om ein opplever gangsperre av å gå opp ein ekstra etasje i trappa. Tung trening kan vere med å gi eit psykisk løft, slik informanten beskriv her.

«Eg sa til meg sjølv at «viss eg gjer det her, så får eg lov til å slappe av». Og da får eg lov til å ha ein heil dag med god samvittighet. Og da føler eg meg så... altså... Eg får nesten lyst å skrike, fordi eg føler meg så bra. Fordi eg får lov... Eg kan gjere det eg pleier å gjere no, fordi eg har «betalt» for det. (...) Og viss eg gjer det nok gongar til at det blir framgang (...) da kan eg begynne å seie sånn

'no har eg hatt ei bra veke.' Og da begynner eg å knytte det bortover, altså 'no har eg hatt ein bra periode...' Heilt til, på ein måte, eg har hatt eit bra liv.»

Faktorar som kan påverke den psykiske helsa negativt, er i følge éin informant følelsen av at andre dømmer henne. Ho opplever det som viktig for hennar psykiske helse å bli akseptert. Ein anna informant oppgir forventningar som ein negativ bidragsytar på den psykiske helsa. Både forventningar frå seg sjølv og andre. Ho opplever eit prestasjonskrav og forventningar på jobb, på studiet, sosialt og knytt til fysisk helse. Ho beskriv ein følelse av å ligge utanfor normalen, mykje på grunn av kroppen og fedmen, og dette er ei byrde å måtte bere. Det forventast at ein skal trenne, ha eit sunt kosthold, eit sosialt liv, eit bra jobbliv, ein stabil økonomi, og så vidare. Ho tenker mykje på korleis ho kan «bli normal» - om det i det heile tatt let seg gjere.

Ein informant beskriv ein psykisk tung periode der mange faktorar dytta han ned i ein negativ spiral i forhold til fysisk og psykisk helse. Kjærasten hadde dratt på utveksling, vennene var borte, han droppa ut av studiet, flytta heim og begynte å jobbe på bensinstasjon. «*Og åt meg i hjel.*» Det var på det tidspunktet han drog til psykolog og fekk hjelp.

Psykisk helse og fedme i samanheng

«Psyken, helsa og velvære i eigen kropp, på ein måte, er viktigare enn sjølve talet på vekta. Så lenge ikkje den fysiske størrelsen øydelegg nokon ting for deg, eller skadar deg på nokon måte, så bør ikkje det vere hovudfokuset.»

Alle informantane fortel at psykisk helse og fedme påverkar kvarandre begge vegar, og går veldig hand i hand. Ein informant forklarer at dersom ho har ein dårlig periode psykisk, påverkar dette levevanane, kosthald og trening. Viss ho derimot er flink på trening, medfører dette psykisk velvære, og ho føler seg betre, tek sunnare val i forhold til mat, og det oppstår ein positiv ringverknad.

Ein informant opplever som kvinne at samfunnet sitt skjønnhetsideal påverkar henne i stor grad. Ho forsøker å akseptere seg sjølv og tenke at ho har meir å tilby enn berre utsjånad, men skjønnhetsideal gjer noko med korleis ein ser på seg sjølv og eigen kropp. Det påverkar også hennar oppfatning av eigne moglegheiter og framtidsutsikter.

«Eg har hatt mange gongar der eg har kjent litt på det at... Ja, altså, eg er større og fortener ikkje det beste... Det er følt å seie det, men... (latter) Det er på ein måte... Man senker standarden litt.»

Ein av informantane beskriv korleis psykisk helse og fedme kan skape ein ond spiral gjennom gjensidig påverking. Han illustrerer korleis til dømes kosthalds- og sovnrutiner kan skli ut, og gjere at den onde spiralen grev seg djupare og djupare. Om kostholdet og sovnen er dårlig, opplever han å føle seg nedfor, elendig og deprimert. Da søker han etter noko som kan få han til å føle seg betre, og det er ofte mat. Mat vil igjen forsterke

den onde spiralen han allereie befinn seg i, med därleg samvittighet og ytterlegare vektauking. Ein anna informant har same erfaring om at mat og trøstespising blir mykje brukt i periodar med negative tankar, noko som kun resulterer i forverra psykisk og fysisk helsetilstand.

Informant 3 fortel at i tunge periodar har ikkje trening og fysisk aktivitet vore i tankane ein gong. Ein anna informant beskriv derimot at fysisk aktivitet kan hjelpe mot følelsen av å vere deprimert. Ein informant forklarer at samvittigheita kan gnage og han kan klandre seg sjølv for ikkje å følge drømmane sine og gjere noko fornuftig, og oppsummerer at han er ein type med ekstrem mangel på disiplin. Informant 2 understrekar at følelsen av å vere deprimert i stor grad er situasjonsbetinga. Dersom ein ikkje har nokon lyspunkt i kvardagen eller har det livet ein ønsker seg, vil ein fort føle seg nedfor. Fedmen vil påverke alle aspekt ved livet ditt, opplyser informanten, fordi fedmen skapar konsekvensar for søvnen, den fysiske helsa, det sosialelivet, og så vidare.

*«Viss du har eit elendig liv, så er den logiske responsen å vere deprimert.
Sjølvsagt. (...) Viss du blir spurt om: har du ein partner, korleis er forholdet til familien din, korleis er helsa di, korleissov du, karrieremessig, utdanningsmessig... Viss du blir spurt om ein masse ting med livet ditt, og du svarer at samtlige er elendig – sjølvsagt har du det heilt forjævlig. Du har jo ingen grunn til å ha det bra. Kvifor skal du ha det bra viss du har det følt?»*

Hjelp til psykiske helseplager

Fleire informantar synes det er vanskeleg å få den hjelpa dei har behov for i forhold til psykisk helse. Psykologtimane er dyre, ventelistene er lange, fleire har opplevd avslag i forsøket på å få hjelp. Ein informant fortel om følelsen av «å dette mellom stolane» fordi tilboda ikkje passar hennar behov. To informantar har fått hjelp frå DPS (Distriktspsykiatrisk senter), éin av dei i samband med angst og depresjon, og éin etter eit akutt-tilfelle. Ein tredje informant håpar å få sleppe til på DPS for utredning no i vår.

«Dei siste par åra har eg akseptert det og funne måtar eg sjølv kan ta tak i ting og jobbe med ting på da. For eksempel söke hjelp via fastlege, DPS og oppsöke psykolog. Ta tak i det med trening og generelt prøve å endre mine levevaner. Men det vanskelegaste er å endre tankemønster og jobbe med hovudet da. Den mentale biten er vanskeleg.»

Ein informant fortel at det var til stor hjelp med studentprestane på høgskulen. Der kunne ein møte opp på kort varsel og snakke ut om vanskelege tankar og følelsar. Informanten meiner det er altfor få slike lågterskeltilbod innan psykisk helse.

4.3 Sosialt og deltaking

Fritid og interesser

Fire av fem informantar fortel om ei interesse for dataspel, Twitter og andre skjermaktivitetar. Andre interesser informantane trekk fram er turar og friluft, song og

musikk, venner, seriar, kjæledyr, kunst og handtverk, lesing, podcast og politikk. Fleire av informantane opplever å ha fritidsaktivitetar som i stor grad bidreg til mykje stillesitting. To informantar fortel at mesteparten av deira sosiale liv foregår på internett, og gir uttrykk for at dei gjerne i større grad skulle hatt eit sosialt liv utanfor internett også. Informanten som er ufør opplever å mangle eit sosialt nettverk, og dei trådane ho fekk tak i under studier og jobb, glapp frå henne da dei andre gjekk vidare i livet og ho vart ufør.

Ein informant forklarer at den sosiale omgangen var motivasjonen hans for å henge med på skulen i ungdommen. Faga i seg sjølv hadde han ingen interesse av, men han måtte gjere det godt nok til å henge med klassekameratane sine. To av informantane var derimot tydelege på at dei ikkje ønskte å møte igjen gamle skulekameratar, sidan dei har därlege minner frå tida på grunnskulen.

«To stykk, som eg fortsatt har kontakt med i frå ungdomsskulen, sa dei vurderte å arrangere reunion. (...) Eg berre sa det på forhånd, at enten så kjem eg ikkje, eller så ender eg opp med å øydelegge heile skiten for dykk. 'Åå, kvifor det?', 'Nei, for eg kjem ikkje til å klare å halde kjeft. Faen ta alle dykk som gjorde det her til eit jævla mareritt. Eg er så glad eg aldri har sett dykk igjen.」 (latter) Nei, fuck off.»

Sosiale hindringar grunna fedmen

Ein informant beskriv eit ønske om å kunne vere med på sosiale aktivitetar utan å vere redd for at det blir for tungt, eller at han blir sliten, svett og ikkje synes det er noko gøy. Det er ubehageleg å kjenne på desse tinga i sosiale lag. Berre det å gå opp trappa kan gjere ein svett og sliten. Informanten seier at fedmen absolutt står i vegen for opplevelsesspennet. Ein anna informant har alltid likt strandliv og svømming, men beskriv at fedmen er ei hindring for å delta. Det å skulle kle av seg på stranda beskrivast som ei barriere. Informanten forsøker å ikkje tenke for mykje på det og berre delta likevel, men det er vanskeleg å ignorere desse tankane.

Ein informant tenker at samfunnet er kome langt med å tilrettelegge for fleire grupper menneske, og vise aksept for ulike grupper, samtidig har ho forståing for at samfunnet ikkje kan tilrettelegge for alle på alle område. Informant 3 har opplevd å sette seg inn i ein bil og ikkje fått på sikkerhetsbeltet fordi det var for kort. Ein informant opplever til stadighet at ho ikkje får tak i kjolen ho ønsker seg fordi den ikkje finst i stor nok størrelse. To av informantane har stått i ubehagelege situasjonar på tivoli som følgje av kroppsstørrelsen.

«Eg har ikkje villa vore med på enkelte karusellar fordi eg veit at eg får ikkje ned den bøylen. Så da har eg berre valt å ikkje delta... Da står eg heller nedpå bakken og passar på telefonar og vesker.»

«Eg prøvde å sette meg inn i ein karusell ein gong, og det var jo kjempeydmykande... At eg ikkje kunne ta noko fordi at eg var for stor. (...) Det var fordi låra mine var for breie. Det blir meir eit eksempel på heile prinsippet, at sånn... Det er ikkje berre det at det finst ting du ikkje kan gjere, men også sånn...»

Konsekvensane når du hamnar i sånne situasjonar. Det at alle andre er også klar over at det finst ting du ikkje kan gjere når du er så stor. Du ender opp med å bli behandla annleis, til ein viss grad.»

Ein informant fortel at fedmen kan opplevast som eit hinder ved aktivitetar utanfor det ein driv med til dagleg. Han unngår sosiale aktivitetar der det er mange ukjente folk, og opplever at samfunnet i stor grad har eit negativt og krenkande syn på dei som er overvektige. Han legg godt merke til det, fortel han, og ser det på blikket til folk, noko som gjer det vanskeleg å sosialisere seg. Informanten har over lengre tid følt seg nedstemt og deprimert, og opplever at fedmen hindrar han å bli kjent med nye folk.

Ein informant beskriv at i oppveksten var det som ein fristad å vere heime fordi det var mykje mobbing og einsemd på skulen og i andre miljø. Fotballaget bestod av dei same medelevane som mobba, noko som medførte at informanten slutta på fotball og fekk ein meir passiv livsstil, som igjen skapte vektauking og desto meir mobbing.

Stigmatisering og fordommar kring fedme

Alle informantane fortel om erfaringar rundt stigmatisering og fordommar på grunn av overvekta. Informant 2 understrekar at det er stigma kring mange ulike grupper i samfunnet, og spesielt mot menneske med fedme. Han meiner likevel noko av stigmatiseringa kan ha ei viss sannheit i seg.

«Man seier det er masse stigma. (...) At man blir behandla annleis og tileigna masse eigenskapar med ein gong folk ser at du er sånn og sånn. Men grunnen til at stigmatiseringa finst, er jo fordi det ofte stemmer. Det stemmer nesten alltid. (...) Ein ting overvektige har til felles, som eg trur, er at dei gjer alt metabolsk feil. Og ein viss prosent av det – ein ganske stor ein – handlar om disiplin. Og det at overvektige folk har ein stereotypi med seg, med at dei kanskje ikkje er like disiplinert som andre, det synes eg er heilt innafor, for det stemmer jo. I den forstand at du treng ikkje gå rundt å vere slem og seie det, og vere ekkel med vilje. Men eg klandrar ingen for å ha... for å få det i hovudet. For det stemmer jo.»

4.4 Mobbing og belastningar i barndommen

Mobbing og sosial ekskludering

Fire av fem informantar fortel om oppvekstar prega av utestenging, kommentalar, baksnakking og mobbing. Dette var i hovudsak knytta til deira overvekt, og det bidrog til ytterlegare vektauking og større kropper. Informanten med PCOS hadde i tillegg ekstra hårvekst i ansiktet, noko som også var eit lett val for andre å kommentere. Informantane fortel at mobbinga fortsatt heng med som ei tung bør i dag. Ein av informantane forsøker å snu tankegangen og tenke at mobbinga har vore med på å gjere henne sterkare.

Ein informant fortel om mobbing og negative kommentalar i svømmehallen. I tillegg kunne venner og foreldra til vennene kommentere at ho var for stor og måtte passe på

kva ho åt. Ein anna informant nemner utfordringar i garderoben etter gymmen som medførte at han ikkje dusja. Dette vart ei ny kilde til mobbing, da han begynte å lukte vondt, og medelevane tok i større grad avstand til han på grunn av lukta. Ein informant fortel om lærarar som var med på mobbinga, bidrog til sosial ekskludering og skapte avstand mellom informanten og medelevane. Informanten fortel vidare at skulegangen heller ikkje vart noko enklare av å ha dysleksi.

«Ja, mobbinga, den kjem sånn... her og der. Da mister eg mykje lysta til å gjere ting, men... Eg kjem meg gjennom det, ihvertfall.»

Ein informant fortel kor vanskeleg det var å kome seg ut av rolla som mobbeoffer. Han forsøkte fleire gongar på barneskulen å vere sosial og bli kjent med andre, men kvar gong han prøvde, vart han «mentalt slått ned» av dei andre. Han var så og seie aleine på skulen frå andreklassen til tiandeklassen. Han beskriv oppveksten sin som därleg, der mobbinga vart ei kilde til overspising og trøstespising. Maten vart bruka som alkohol, beskriv informanten. Det medførte ytterlegare vektauking og enda tyngre kropp.

Familiære belastningar i oppveksten

Som tidlegare nemnt, har fleire av foreldra til informantane sjølv slitt med psykiske vanskar og/eller overvekt. To informantar fortel om belastningar i heimen der det har vore sinne, aggressjon og krangling.

«Eg var jo mykje sint og lei meg og trist som barn. Og det påverka meg jo, korleis heimemiljøet var... Og litt sånn krangling heime, og... Det har jo vore greitt å vekse opp, men litt sånn ustabilt til tider.»

Ein informant fortel om mora som ikkje var så oppløftande i forhold til vekta, og kunne snakke negativt til henne om å passe på kva ho åt og at ho burde iverksette tiltak. Ho opplevde dette som vonde kommentarar som medførte ein usunn tankegang og sette «grillar i hovudet» hennar. Ein anna informant fortel at på grunn av foreldra si skilsmisse og jobbane dei hadde, vart han verande mykje aleine i oppveksten. Dette medførte at han åt det han ville, når han ville. Han tok over styringa over eige liv og gjorde det som føltes godt. Når han ser tilbake hadde han ønska seg meir kunnskap og hjelp frå familien i oppveksten til kva han kunne gjort annleis for å unngå vektaukinga.

«Sånn kroppspositivisme og sånn der «du er fin som du er»-greier... Eg har fått det heile livet mitt. Og har hatt kjempesode, snille, velmeinande foreldre, tanter, besteforeldre, lærarar, venner – det har berre vore bjørnetenester, er konklusjonen min. Fordi eg har slitt og vore deprimert... Viss du slit og er deprimert, og blir fortalt at du er fin som du er, kva kan du gjere da? Sånn... Viss det her er så fin som eg er, vil eg heller vere død, ikkje sant? Du må få høyre at 'Nei, det skal ikkje vere sånn. Det er ting du kan gjere for å få det betre.' Du må få høyre det!»

Ein informant kunne fortelle om mora som vart tidleg ufør og sleit med psykiske lidingar. Informanten tenker at eigne psykiske lidingar, traume og depressive periodar botnar i stor grad i dei psykiske vanskane mora hadde, med mykje medisinbruk og sjølvmordsforsøk. Dei psykiske vanskane ser ut til å ha røter langt tilbake i familien, poengterer informanten.

«Mamma er oppvaksen med ein stefar som drakk litt mykje. (...) Det var ikkje bestandig han var så snill med mormor, og det var ikkje bestandig han var så snill med mamma. (...) Sånn at, traume frå hennar barndom, som igjen gjekk litt utover forholdet til alkohol og pappa, har på ein måte forplanta seg opp til meg.»

4.5 Søvn og matvanar

Kosthald og trøstespising

Fleire informantar fortel om eit kosthald som består av usunn mat og for store mengder mat. Mange streber etter eit sunt kosthald, gode treningsrutiner i kvar dagen, samt eit gunstig søvnmonster. Ein informant opplyste at ho ville starte det nye året 2022 med gode søvnrutiner og måltidsvaner, med fokus på sunne matvarer og mindre sukkerholdig mat.

Ein informant opplever at maten heng tett saman med det psykiske, og at det blir mykje trøstespising i därlege periodar. Andre gongar har tunge psykiske periodar verka motsatt, at ho ikkje har ete i det heile tatt. Ein anna informant fortel at trøstespising og overspising fant stad som følgje av mobbing og vanskar på skulen. Maten vart brukta som trøyst når tankane var tunge og vanskelege. I dag assosierer informanten depresjon med mat, fordi maten alltid har vore ein trøyst i vanskelege periodar, og depresjon opplevast som synonymt med å vere veldig svolten.

Ein anna informant reflekterer over korleis matvanane heng saman med søvnmonsteret. Overvekta medfører därlegare søvnkvalitet og meir usunne måltid. Informanten tenker at dei som er overvektige øydeleggjar den metabolske helsa si ved å ete «feil» i forhold til ein skal sove – i forhold til når ein står opp, legg seg og kor mange timer ein sov. Han tenker at når søvnen sklir ut, sklir matvanane ut i tillegg. Å utsette eit måltid gir ringverknader til seinare, fordi det påverkar søvnen negativt, og da et ein meir usunn mat for å halde seg vaken, og det blir ein ond spiral.

«Eg veit med meg sjølv at når eg har sove lite, da har eg ekstra lyst på masse kaloririk mat. Da har eg veldig lyst på feit og god mat. Eg tenker på McDonalds med ein gong eg vaknar... Eg veit akkurat kva eg har lyst på! Eg har lyst på McDonalds akkurat no.»

Utfordringar med søvn og døgnrytme

Informantane fortel om utfordringar med legging på riktig tidspunkt og innsovning, hovudsakleg på grunn av stress, tankespinn, skjermbruk og søvnproblem som til dømes søvnnapné. Ein informant er opptatt av at kroppen treng nok søvn for å fungere optimalt. Hans erfaring er at vekta auka da søvnmonsteret sklei ut. På grunn av pendling til og frå

vidaregåande skule, vart det tidlege morgenar og desto seinare kveldar for å ta igjen dataspeling. Han vurderer sin eigen søvnkvalitet som därleg på grunn av fedmen, og trur søvn og vekt påverkar kvarandre begge vegar.

«Det som kjenneteiknar alle overvektige er søvn. Fordi det er såpass viktig helsemessig. Det er det viktigaste du gjer, sånn eigentleg. Og den blir akselerert av overvekt, fordi dusov dårlegare når du er større. Spesielt viss du begynner å ha sovnapné (...) som berre øydelegg søvnen din litt. Så begynner du å sove på dagen, og da får du ikkje sove på kvelden. Så er spiralen ute av kontroll. (...) Viss søvnen ryk, så ryk absolutt alt. Dårleg søvn, har lyst på feit, kaloririk mat, som du et heile tida, inkludert rett før du skulle ha lagt deg, og da øydelegg du kvaliteten på søvnen igjen, så får du lite søvn... Så kroppen kjem over i feil rekkefølge.»

Informanten tenker at i ein kvardag der ein må prioritere, kan alt nedprioriterast til fordel for søvnen. Søvnen er den siste som skal ryke, etter den kjem mat, deretter trening. Han har inntrykk av at menneskekroppen tåler veldig mykje juling, men ikkje å bli fråtatt søvnen. Dersom søvnen ryk, blir vi øydelagde. Informanten understrekar at han har sett mange folk som ikkje trenar, og som har eit elendig kosthald, men deisov 8-9 timer kvar natt. «*Og dei har det fantastisk.*»

Ein anna informant beskriv også at ein sunn døgnrytme er eit viktig bidrag for god helse. Det er til stor hjelp for kroppen å stå opp og legge seg til faste tidspunkt, saman med resten av samfunnet. Informanten trur heile hans noverande livssituasjon botnar i därleg søvnmønster, og at han har hatt søvnunderskudd i årevis.

«Berre det å stå opp! Det viktigaste er at du legg deg til same tid og står opp til same tid, uansett når det er. Viss du har valet: stå opp når resten av verda står opp. Ikkje sant? Det er ikkje nokon vits i og ikkje gjere det. For da hamnar du berre utanfor. (...) Sånn, alle har lyst til å vere spesiell, og blablabla, men eigentleg ikkje. Det er ingen som har lyst til det, vi har lyst å vere saman. Vi er sosiale skapningar.»

5. Diskusjon

I dette kapittelet vil eg diskutere mine funn opp mot det eksisterande kunnskapsgrunnlaget og tidlegare forsking som er gjort om psykisk helse og fedme. Eg vil anvende den biopsykososiale modellen i forståinga av dei ulike fenomena som kom fram i intervjua gjennom å trekke inn biologiske, psykologiske og sosiale faktorar i framstillinga. Først vil eg innleiingsvis oppsummere hovudfunna frå studien som skal diskuterast vidare i kapittelet.

Dei unge vaksne beskriv fedme som eit *symptom* forårsaka av mange biologiske, psykologiske og sosiale faktorar. Ein tung kropp disponerer for fysiske og psykiske helseproblem, og mange opplever ein ansvarsfølelse for eigen helsetilstand. Samfunnet trekkast fram med sine strukturar og konstruksjonar som ikkje passar til store kroppar. Informantane har også viktige refleksjonar i møte med helsevesenet. Vidare beskrivast ønsket om ein normal kropp, og korleis kroppen har innverknad på sjølvbilde og sjølvtillit. Stress og prestasjonspress er velkjente følsar, i følge informantane, og sosiale media kan påverke dette. Informantane beskriv vidare eit samfunn med stigma, fordommar, diskriminering og forskjellsbehandling mot menneske med fedme. Dette medfører konsekvensar som einsemd, skam og isolasjon. Oppveksten til informantane blir trekt fram i forklaringa av både fedmetilstanden og som ei kjelde til psykiske helseutfordringar. Avslutningsvis beskrivast fenomen som onde spiralar og andre barrierer på vegen mot vektreduksjon.

5.1 Det er berre slitsamt å vere stor og tung

I min studie kjem det fram at ein stor og tung kropp kan slite på mennesket både fysisk og psykisk. Informantane rapporterer om somatiske helseplager som vonde kroppsdelar som følge av vekta, feilstillingar i ledd som følge av størrelsen, samt klassiske skulder- og nakkeplager. Ingen av informantane hadde livsstilssjukdommar som diabetes, høgt blodtrykk og kolesterol, eller hjarte- og karsjukdommar, noko som kan handle om at informantane har ein ung alder og difor ikkje har erfaring med dette. Fleire studier viser forøvrig ein auka risiko for ei rekke helseplager og livsstilssjukdommar med åra i samband med fedme (Abdullah et al., 2010; Poirier et al., 2006; Aune et al., 2015; Longo et al., 2019; Wolin et al., 2010; Meyer & Vollrath, 2017; Folkehelseinstituttet, 2018a; Meyer & Vollrath, 2017). Denne sjukdomsrisikoen var informantane i min studie klar over, og fleire presiserte at risikoen for følgesjukdommar på sikt var ein klar motivasjonsfaktor for vektreduksjon og endring av livsstil. Richardson et al. (2020) bemerkar at dersom barnefedme vedvarar over tid og ein høg BMI blir opprettheldt med aukande alder, kan dette disponere for somatiske sjukdommar etter ungdomsår og ung vaksenalder.

Informantane beskriv korleis ein stor kropp bidreg til ekskludering frå samfunnet. Thomas et al. (2008) og Homer et al. (2016) skriv i tråd med mine funn at mange med fedme opplever ikkje å passe inn i samfunnet sine standardar. Kle er ofte i for små størrelsar, bilbelte ikkje lange nok, sete på teater og kino er for trange, og turar og feriar kan vere angstfylte som følgje av utfordringane med å passe inn. Slike misforhold medfører personlege nederlag, men samtidig oppgir informantane i min studie at det verste er at alle rundt kan sjå at dei er for store og ikkje får plass. Opplevingar som dette

skremmer informantane frå å ville delta på sosiale arenaer, i tillegg til at det forsterkar følelsen av å vere annleis og unormal. Dersom samfunnet ikkje passar til kroppsfasongen, eksempelvis fordi seta er for smale, skjer det ei ekskludering allereie på dette stadiet, på samfunnsnivå – før nettverk og omgangskretsar tar uheldige sosiale val som utestenging og ekskludering frå fellesskapet. Opplevinga av at den store kroppen ikkje passar inn eller høyrer til i samfunnet på lik linje med små kropper, er med på å forsterke følelsen av kroppen som uattraktiv og objektivisert (Homer et al., 2016). I min studie viser informantane forståing for at ikkje alt i samfunnet kan tilretteleggast for alle grupper, men samtidig er til dømes kle og bilbelte eksempel på enkle materielle produkt som kan tilpassast fleire, for å unngå uheldig ekskludering.

Den store, tunge kroppen som eit biologisk utgangspunkt kan medføre psykologiske påkjenningar, beskriv informantane i min studie. Fedmen skaper ei rekke begrensningar,

som vidare disponerer for skam, utanforskap, nedstemtheit og einsemd. Ein informant beskriv den ydmykande følelsen av å stadig måtte velge andre og mindre fine alternativ fordi dei flottaste kjolane berre finnes i små størrelsar. Refleksjonar og spørsmål som oppstår i samband med slike opplevingar er at ein ikkje fortener det beste, fordi ein har fedme, innrømmer informanten. Tankar som at ein må senke standarden i forhold til partnerar og andre aspekt i livet, fordi kroppen er stor og tung, er deprimerande.

Gjentatte sosiale nederlag, tilsynelatande på grunn av fedmen aleine, har stor betydning for mennesket og kan påverke både fysisk og psykisk helsetilstand negativt. Farrell et al. (2021) beskriv korleis fedmen opplevast som eit hinder for mange i å leve det livet ein ønsker seg, og fleire opplever at livet er «satt på vent» på grunn av fedmen, og at dei først må få bukt med vekta før livet kan trå til. Ei anna psykologisk belastning som følge av fedmen, i følge informantane i min studie, er korleis resten av samfunnet ser på den som har fedme. Eksempelvis kan ukjente på gata sende nedlatande, dømmande blikk ved forbipassering. Farrell et al. (2021) og Lier et al. (2016) beskriv i tråd med dette korleis mange med fedme trekker seg tilbake fordi dei ikkje orkar å bli sett ned på, få kommentarar og oppleve pinlege situasjonar. Dei treng ikkje få det bekrefta etter ein gong at dei er annleis og utanfor normalen, med sine store kropper.

I min studie beskriv informantane i tråd med Brown et al. (2006) opplevinga av eit personleg ansvar for eigen helsetilstand og korleis kroppen er blitt, noko som kan vere eit hinder i å søke hjelp hos helsetenestene. Likevel har fleire av informantane i min studie fått hjelp hos fastlegar, DPS og psykologar i samband med sin fedme og/eller psykiske helsetilstand, med varierande utbytte. Informantane har imidlertid fleire interessante refleksjonar i møte med helsevesenet. På den eine sida er det ønskeleg at fagpersonar opnar opp for dialog om fedme, og ikkje «går rundt grauten» for å unngå eit ubehageleg tema, påpeiker informantane. Når helsepersonell «bakar inn bodskapen», og snakkar om fedme på eit generelt grunnlag med generelle konsekvensar, opplevast det lite individretta, forklarar informantane. Fedme bør ikkje vere eit samtaletema som blir unngått, da det skaper meir tabu og skam rundt tematikken. På den andre sida ytrar informantane eit ønske om ein balansegang mellom direkte uttalelsar og hensynsfulle tilnærmingar angåande vekt. Informantane forklarar at dei ikkje ønsker helsepersonell skal *anta* at fedmen er eit problem for dei. Dette fordi mange av informantane ikkje baserar helsa si på fedmen og BMI-scoren, eit poeng Buxton & Snethen (2013) også underbygger i sin studie. Buxton & Snethen (2013) forklarer vidare i tråd med mine funn at pasientar med fedme ønsker at helsepersonell skal tilby måtar å handtere vekta på og

legge til rette for dialog og spesifikk rettleiing angåande vekt, kosthald og trening. I mitt virke som fysioterapeut er desse utfordringane knytt fedme velkjente tema. På den eine sida er det nødvendig å ta tak i fedmeproblematikken, informere om årsakssamanhangar og sjukdomsrisiko, og på den andre sida skal ein ikkje skape unødvendig fokus på fedmen og vekta dersom det ikkje er ønskeleg og relevant. Mange pasientar er allereie bevisste sine helseutfordringar og opplever det som belastande å stadig bli påminna desse konsekvensane. Først og fremst blir tilnærningsmåten avgjerande i pasientkonsultasjonar om fedme og vektproblematikk, for å skape tillit og gode relasjonar (Buxton & Snethen, 2013). I samanheng med hjelp frå helsevesenet og informantane sine refleksjonar, synleggjera behovet for å ta hensyn til psykologiske og sosiale aspekt ved komplekse sjukdomsbilde som fedme, vel så mykje som biologiske og medisinske forhold. Som ein av informantane presiserte i min studie må fedme sjåast som eit symptom på mange ting, og behandlingstiltak av vekta i seg sjølv har difor ingen hensikt, poengterer informanten. Det sentrale spørsmålet blir kva for årsaker som ligg bak og skapar fedmen.

5.2 Mentalt slått ned

Med bakgrunn i informantane sine uttalelsar kjem det fram at tilværelsen med fedme kan medføre vanskar med sjølvbilde og sjølvtillit. På den eine sida opplyser fleire informantar at dei ønsker å akseptere sin eigen kropp og har jobba med dette i årevis. På den andre sida beskriv informantane ein konstant kamp mot kroppen og kiloa, og eit ønske om å forandre seg og få ein sosialt akseptabel kropp. Min studie og studien til Grønning et al. (2013) beskriv behovet for å passe inn i samfunnet og få ein «normal» kropp som ikkje skiller seg ut. Dersom ein føler seg annleis og som eit sosialt utskudd, blir ein naturleg konsekvens å trekke seg tilbake og skjule kroppen, som vidare disponerer for vektauking og psykiske belastningar. Tilværelsen med fedme kan skape ein følelse av å vere eit mislykka medlem av samfunnet. Grønning et al. (2013) beskriv korleis normale, sosialt akseptable kroppar skaper stoltheit, og dersom kroppen ikkje oppfattast som det, kan den bli ei kjelde til angst, ydmykelse og utanforskap. I min studie oppgir både menn og kvinner at dei strever med å godta kroppen og eigen utsjånad. Imidlertid antydar begge kjønn at kompleks knytt til kropp og utsjånad truleg er meir uttalt hos kvinner enn hos menn. Tronieri et al. (2017) bemerkar forøvrig at menn også bekymrar seg for utsjånad, truleg i enda større grad enn først antatt. I samfunnet vi lever i, med mykje eksponering av idealkroppar gjennom mobilen og andre kanalar, kan ein anta at kroppspresset er ekstra stort blant unge i dag. Mange unge er dessutan usikre på seg sjølv og befinn seg i ein livsfase der dei skal «finne seg sjølv». Ein av informantane beskriv korleis ho anser fedmen som ei ulempe som må vegast opp for, når ho beskriv korleis personlegheita hennar skulle vege opp for vekta på datingmarkedet. Ein kan kanskje forvente av kroppspresset vil avta noko med aukande alder, og at denne aldersgruppa med unge vaksne er ekstra utsette for fokus på utsjånaden. Grønning et al. (2013) underbygger at kroppen i dagens samfunn er eit prosjekt for mange unge, med stort fokus på utsjånad, størrelse og fasong. Ein slank kropp assosierast med kontroll, gir høg status og popularitet, og det er eit ideal i dagens samfunn å halde seg i form, ete sunt og ta vare på kroppen sin, beskriv Grønning et al. (2013). Med bakgrunn i tankane dei unge vaksne har kring eigen kropp, utsjånad og normalitet kan dette sjåast som eit resultat av samfunnet sine konstruksjonar, malar og ideal som legg retningslinjer for kva som er sosiale akseptabell og anerkjent.

Stress og prestasjonspress blir nemnt av fleire informantar som negative bidragsytarar på den psykiske helsa. Jobbrelatert stress er ei av hovudutfordringane, der enkelte beskriv det som krevande å ha kapasitet til ein fulltidsjobb og handtere arbeidsrelaterte belastningar som kommentarar frå kollegaer. Enkelte opplever at arbeidskvarden kan ta mykje energi og skape mindre overskudd til resten av dagen. Vidare fortel informantane om opplevd indre stress, i form av krav til seg sjølv og forventningar frå andre. I samband med dette trekkast sosiale media fram som ein medverkande faktor til indre stress og prestasjonspress. På den eine sida oppgir enkelte i min studie at sunne forbilde som motiverer til trening og gode matvanar kan vere positive innslag i kvardagen gjennom sosiale media. Forøvrig er nettopp kroppspositivisme og anerkjenning av alle kroppar, uansett størrelse, eit populært fenomen på sosiale media i dag. På den andre sida oppgir informantane at sosiale media kan skape ein därleg sjølvfølelse og negativt syn på eigen tilværelse. Vidare rapporterast det i min studie om at psykisk tunge periodar med lågt energinivå og depressive tankar medfører mykje tid på mobilen, noko som kan forsterke følelsen av å vere nedfor og utanfor. Aalbers et al. (2019) opplyser imidlertid at passiv skrolling på sosiale media nettopp kan assosierast med depresjonssymptom og einsem. Det er uklart om sosiale media medfører psykiske helseutfordringar, eller om bruk av sosiale media derimot er ein hyppig tendens i tilfella der det allereie eksisterer psykiske helseplager (Aalbers et al., 2019).

I min studie gir fleire informantar uttrykk for at sosiale fenomen som stigma og fordommar basert på vekt er svært belastande og har ein negativ effekt på deira psykiske helse og velvære. Farrell et al. (2021) beskriv at dei ulike variantane av stigma kan delast inn i sjølvstigma, stigma frå andre, og frykt for å oppleve stigma. Stigma basert på vekt kan skape begrensningar på fleire område i livet og assosierast med negativt kropps bilde, redusert psykisk helse og velvære, depresjon, auka blodtrykk og større matforbruk (Farrell et al., 2021; Emmer et al., 2020; Sutin et al., 2015). Fedme kan skape førestillingar om manglande disiplin og sjølvkontroll, usunt kosthald, lite trening, latskap, og at menneska med fedme kan takke seg sjølv for overvekta (Grønning et al., 2013). Fordommane peikar i retning av at fedme er ein fullstendig kontrollerbar tilstand som den enkelte har forårsaka sjølv, og har eit personleg ansvar for å ta hand om (Rubino et al., 2020). Slike førestillingar og oppfatningar av menneske som har fedme kan skape store psykologiske påkjennings. Forøvrig presiserer éin informant i min studie at stigma og fordommane som er retta mot menneske med fedme eksisterer for ein grunn. Han beskriv at førestillingane om veremåten og eigenskapane til menneska med fedme ofte stemmer med verkelegheita. Han viser forståing for at andre i samfunnet har desse fordommane mot menneske med fedme. Informanten seier at han personleg har ein veremåte som stemmer overeins med førestillingane frå samfunnet; lite disiplin, därleg kosthald, lite trening og for därleg ivaretaking av kroppen.

Ein stor kropp er visuelt tilgjengeleg for alle rundt og medfører ikkje berre stigma og fordommar, men også diskriminering og forskjellsbehandling. Farrell et al. (2021) beskriv at det kan oppstå psykiske barrierar hos menneske med fedme som begrensar opplevelsesspennet og held menneska tilbake frå å utfolde seg sjølv. Informantane i studien min underbygger denne opplevinga, og gir eksempel på at ein freistande strandtur kan avskrivast fordi tanken på å kle av seg på stranda er for vanskeleg. Mange av sjukdommane som kan assosierast med fedme er stressrelaterte sjukdommar som

kan vere eit resultat av til dømes diskriminering (Sutin et al., 2015), noko som illustrerer kor skadeleg sosiale faktorar kan vere for biologiske og psykologiske aspekt ved helsa. Farrell et al. (2021) og Homer et al. (2016) underbygger i tråd med mine funn at mange med fedme opplever kritiske blikk som antydar at dei ikkje er gode nok, prøver hardt nok, ikkje fortener respekt og er late, noko som medfører skyld- og skamfølelse hos den enkelte. Informantane i min studie samsvarer med Sutin et al. (2015) om at menneske med fedme stadig opplever negative sosiale haldningar og urettferdig behandling, noko som medfører barrierer mot å bli kjent med nye menneske, samt skapar konsekvensar som sosial isolasjon, ein stillesittande livsstil og trøstespising. Ueland et al. (2019) poengterer at fedme skapar førestillingar om åtferd som fråtsing og ettergivenhet, som på mange måtar stemmer overeins med åtferda informantane beskriv i min studie. Imidlertid er ikkje dette bildet eintydig, og ord som «fråtsing» og «ettergivenhet» framstiller menneske med fedme på ein negativ måte, noko som blir misvisande og uheldig da informantane beskriv svært komplekse, vanskelege og håplause situasjoner som ligg til grunn når mat blir bruka til å lindre smerte. Maten blir eit positivt tilskudd i ein elles nedstemt tilværelse, noko som gir ny innsikt og forståing til begrepa «fråtsing» og «ettergivenhet». På sikt kan fråtsing og ettergivenhet bidra til å forverre situasjonen med ytterlegare vektauking og psykiske nedturar. Dette gir eit tydeleg bilde av korleis sosiale førestillingar og påkjenningar kan skape psykologiske følger, eksempelvis einsemde og nedstemtheit, som vidare bidreg til trøstespising og ytterlegare vektauking.

Fleirtalet av informantane i min studie såg tilbake på oppvekstar prega av mobbing og sosial ekskludering. Informantane beskriv desse negative opplevelingane som tung bagasje å bere med seg i dag, og fleire opplever medfølgande sosiale og psykologiske påkjenningar som ung voksen der dei tar avstand til andre, kjenner ein redsel for at ingen vil vere venn med dei og føler seg einsame. Mobbing, utanforskap og negative barndomsopplevelingar kan vere betydelege risikofaktorar for utvikling av psykiske vanskar seinare i livet, og kan medføre langsiktige emosjonelle konsekvensar (Tesli et al., 2021; Folkehelseinstituttet, 2018b; Thomas et al., 2008; WHO, 2018; Folkehelseinstituttet, 2018a). Informantane beskriv mobbinga som ein viktig årsak til deira psykiske helseproblem, der angst og depresjon, eller andre stemningslidingar, er dei hyppigaste tilstandane. Mobbinga beskrivast også av fleire informantar som ein viktig bidragsytar til vektaukinga og fedmen. Nokon informantar fortel om opplevde psykiske helseutfordringar allereie i frå barneskulealder, ungdomsskule og vidaregåande, noko som illustrerer ein tidleg debut, som er i tråd med Folkehelseinstituttet (2018b) sine opplysningar om at dei fleste psykiske lidninga opptrer i ung alder, ofte før fylte 30 år.

5.3 Spiralen ute av kontroll

Funn frå min studie viser korleis unge vaksne med fedme opplever å hamne i uheldige spiralar med stress, psykiske helseutfordringar, lite søvn, kaloririk mat, inaktivitet og ytterlegare vektauking. Informantane beskriv korleis biologiske, psykologiske og sosiale faktorar har gjensidig påverkingskraft på kvarandre, og dersom éin faktor sklir ut i negativ retning, vil den dra med seg dei andre faktorane i dragsuget. Informantane forklarer på den eine sida at dersom vekta aukar, vil dette ha negativ effekt på psykisk helse og velvære, som vidare kan føre til trøstespising og overspising for å døyve vanskelege følelsar, som igjen medfører därleg søvn, og da er spiralen på veg ut av kontroll. På den andre sida beskriv informantane at spiralen også kan påverkast i positiv

retning. Til dømes dersom enkelte faktorar får seg eit positivt løft, som ein god periode med trening, kan faktorar som psykisk helse, velvære, søvn og kosthald bli påverka i positiv forstand. Fysisk aktivitet beskrivast forøvrig som viktig av fleire informantar og som eit positivt bidrag til god psykisk og fysisk helse. Eit anna positivt bidrag til spiralen er opplevd meistring i kvardagen, beskriv informantane i min studie, og Buxton & Snethen (2013) underbygger at mange unge med fedme er fornøgde med helsa si når dei opplever å meistre kvardagen.

Alle informantane i min studie har på eit eller anna tidspunkt forsøkt å gå ned i vekt. Forsøk på livsstilsendringar og vektredusjon blir av samtlige informantar beskrive som ei kompleks, utfordrande oppgåve. Med bakgrunn i det informantane fortel skapast eit bilde av at menneska med fedme kjempar ein indre kamp mot biologien, fedmetilstanden og kiloa, i tillegg til psykologiske faktorar som sjølvstigma, skam og nedturar. Samtidig illustrerer informantane den ytre kampen mot samfunnet sine sosiale haldningar, fordommar og førestillingar, der enkeltmenneske med fedme stillast til ansvar for eigen kropp og livsstil. Informantane fortel at ulike diettar har vore prøvd ut opptil fleire gongar, men gav aldri langsiktige resultat. Forsøk på vektredusjon har ofte medført ytterlegare vektauking i etterkant. Informantane ytrar eit ønske om å finne sunne løysingar og rutiner som kan integrerast i ein normal kvardag, utan å måtte telle kaloriar, veie maten eller gå på diettar. Buxton & Snethen (2013) støtter desse refleksjonane og presiserer at for menneske med fedme er det meir nyttig å fokusere på fysisk aktivitet, sunn mat og korleis ein skal handtere kroniske helseplager i staden for å fokusere på vekttapet i seg sjølv. Informantane beskriv korleis dei møter hindringar på vegen mot vektredusjon og livsstilsendring. Ei av hindringane som kjem fram i min studie er at det er utfordrande å oppretthalde sunne vanar og halde fast ved dei dersom nære relasjonar, til dømes ein sambuar, kan ete usunt og skeie ut, utan å legge på seg. Igjen beskrivast følelsen av å sitte aleine i båten i kampen mot kiloa, med ansvaret aleine for vektredusjon. Thomas et al. (2008) underbygger denne opplevelingen av at mange med fedme opplever eit stort individuelt ansvar for eigen vektredusjon, og i enkelte tilfelle kan dette medføre ekstreme former av diettar, eller sulting. Ei anna hindring på vegen mot vektredusjon er emosjonelle matvanar som trøstespising og overspising. Dette er fenomen som fleire av informantane i min studie beskriv at dei fell tilbake til, der maten blir ei trøyst i tunge psykiske periodar. Lazarevich et al. (2016) beskriv i tråd med dette at mat ofte brukast som belønning eller for å takle vanskelege følelsar i fråværet av anna alternativ åtferd. Mat blir ein konsekvens av depressive tankar og er ein betydeleg medverkande faktor til vektauking. Ein informant i min studie beskriv at for han var depresjon synonymt med å vere svolten. Denne assosiasjonen hadde etablert seg tidleg i ein vanskeleg oppvekst, da vonde tankar vart lindra med mat. Nokon av informantane beskriv korleis mat blir bruken på same måte som alkohol, der enkelte hadde opplevd å ete seg kvalm på usunn mat. Slik informantane beskriv tilværelsen med slanking, vektauking, optimisme og nederlag om ein anna, illustrerer dei ein evig runddans der spiralen svingar både opp og ned.

Utfordringar knytt til søvn, innsovning og døgnrytmene er andre viktige utfordringar informantane presiserer i samband med fedme, og fleire hevdar at därleg søvn har spelt ei betydeleg rolle for deira vektauking. Informantane begrunna søvnutfordringane sine med stress og tankespinn som hindra dei frå å sove, fedmerelaterte utfordringar som søvnnapné og vanskar med å sove på ryggen, og skjermtid som forstyrra døgnrytmen.

Dersom søvnmønsteret sklir ut, vil det vere ein klar medverkande faktor til ein negativ spiral, presiserer nokon av informantane. Eit uheldig søvnmønster medfører at måltid forskyvast til uheldige tidspunkt, rutiner uteblir, ein hamnar utanfor resten av samfunnet i forhold til våkentid og arbeidstid, og den psykiske helsa blir negativt påverka av å falle utanfor. Informantane beskriv denne psykologiske belastninga av å hamne utanfor resten av samfunnet, noko som forsterkar følelsen av å vere annleis og unormal. I studien min beskrivast forøvrig nødvendigheita av fellesskapsfølelsen, der ein står opp på lik linje som alle andre og kan delta på samfunnsnivå. Ein av informantane understrekar at søvn er det viktigaste du kan gi kroppen for å bevare god helse, noko Alonzo et al. (2021) underbygger, og presiserer at god søvn er nødvendig for å ha ei god psykisk og fysisk helse. Søvn speler i tillegg ei viktig rolle i utviklinga av menneskehjernen som ung (Tarakh et al., 2016), noko som underbygger nødvendigheita av at unge får nok søvn for å ha god helse. Dette kan også underbygge påstandane til informantane om at vektaukinga skjedde som følgje av øydelagt søvnmønster. Ein informant uttrykte at hans vekt og livssituasjon ville vore heilt annleis dersom han fekk nok søvn i ungdommen. Dårleg søvn kan forøvrig også sjåast i samband med psykiske lidningar som depresjon, angst og stress (Al-Khani et al., 2019), som er tilstandar fleire informantar beskriv å ha erfaring med.

